



## Møteinnkalling

|                  |                                  |
|------------------|----------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Kontrollutvalet                  |
| <b>Møtestad:</b> | Formannskapssalen, Bømlo rådhus) |
| <b>Dato:</b>     | 19.05.2021                       |
| <b>Tid:</b>      | 10:00                            |

**Om smittesituasjonen gjeldande koronavirus endrar seg fram til møtet, kan møte bli endra frå fysisk møte til Teams-møte.**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Ragnhild Ravna Skjærvik  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Sakliste

| Utvals-<br>saknr         | Innhald                                                                             | Arkiv-<br>saknr | U.Off |
|--------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|-----------------|-------|
| <b>Godkjenningssaker</b> |                                                                                     |                 |       |
| GK 5/21                  | Godkjenning av innkalling og sakliste                                               | 2019/108        |       |
| GK 6/21                  | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.04.2021                  |                 |       |
| <b>Politiske saker</b>   |                                                                                     |                 |       |
| PS 21/21                 | Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet | 2019/119        |       |
| PS 22/21                 | Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet      | 2019/119        |       |
| PS 23/21                 | Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan  | 2018/30         |       |
| PS 24/21                 | Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen                                 | 2020/188        |       |
| PS 25/21                 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval                            | 2019/112        |       |
| PS 26/21                 | Eventuelt                                                                           | 2020/60         |       |
| <b>Referatsaker</b>      |                                                                                     |                 |       |
| RS 5/21                  | FKT - medlemsinformasjon april 2021                                                 | 2019/26         |       |
| RS 6/21                  | Budsjettbrev frå Statsforvaltaren - Bømlo kommune                                   | 2019/119        |       |

**Godkjenningssaker**  
**GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**



Bømlo kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
**Saksframlegg**

---

**Saksnr:** 2019/108-15  
**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

**Saksgang**

| Utvæl                           | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 6/21        | 19.05.2021 |

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.04.2021**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.04.2021 er lagt med som vedlegg i saka.





## Møteprotokoll

|                  |                         |
|------------------|-------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Kontrollutvalet         |
| <b>Møtestad:</b> | Fjernmøte, (Teams-møte) |
| <b>Dato:</b>     | 15.04.2021              |
| <b>Tid:</b>      | 10:00 - 11:30           |

### Følgjande faste medlemer møtte:

| Namn                    | Funksjon  | Representerer |
|-------------------------|-----------|---------------|
| Ragnhild Ravna Skjærvik | Leiar     | AP            |
| Vegard Enerstvedt       | Nestleiar | H             |
| Arne Zahl Røksund       | Medlem    | SV            |

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

| Namn            | Funksjon | Representerer |
|-----------------|----------|---------------|
| Silje Sivertsen | Medlem   | V             |
| Anfinn G. Tolås | Medlem   | KRF           |

### Følgjande varamedlemer møtte:

| Namn                 | Møtte for       | Representerer |
|----------------------|-----------------|---------------|
| Bente Helen Natterøy | Silje Sivertsen | V             |
| Magne Rolfsnes       | Anfinn G. Tolås | KRF           |

### Merknader

### Andre som møtte:

| Namn                 | Stilling                                                      |
|----------------------|---------------------------------------------------------------|
| Kjetil Aga Gjøsæter  | Kommunedir. (tok del i møte frå PS 11/21 til og med PS 16/21) |
| Sindre Rødne Dueland | Forvaltningsrevisor, KPMG AS (PS 17/21)                       |
| Frode Løvlie         | Forvaltningsrevisor, Deloitte AS                              |
| Helge Inge Johansen  | Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune                      |

Ragnhild Ravna Skjærvik  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Sakliste

| Utvals-<br>saknr | Innhald                                                                                | Arkiv-<br>saknr | U.Off |
|------------------|----------------------------------------------------------------------------------------|-----------------|-------|
|                  | <b>Godkjenningssaker</b>                                                               |                 |       |
| GK 2/21          | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                  |                 |       |
| GK 3/21          | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet<br>11.03.2021                  | 2019/108        |       |
|                  | <b>Politiske saker</b>                                                                 |                 |       |
| PS 11/21         | Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og<br>internkontroll - handlingsplan      | 2019/36         |       |
| PS 12/21         | Status for arbeid med eigarskapsmeldinga - orientering frå<br>kommunedirektør          | 2019/137        |       |
| PS 13/21         | Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør                                 | 2020/61         |       |
| PS 14/21         | Tilsyn frå Statsforvalteren og andre - orientering frå<br>kommunedirektør              | 2020/61         |       |
| PS 15/21         | IT-tryggleik i kommunen - orientering frå kommunedirektør                              | 2020/61         |       |
| PS 16/21         | Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen                                    | 2020/188        |       |
| PS 17/21         | Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) -<br>Forvaltningsrevisjonsrapport              | 2020/157        |       |
| PS 18/21         | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval                               | 2019/112        |       |
| PS 19/21         | Eventuelt                                                                              | 2020/60         |       |
| PS 20/21         | Val av revisor for Bømlo kommune - tilråding frå<br>kontrollutvalet                    | 2014/390        |       |
|                  | <b>Referatsaker</b>                                                                    |                 |       |
| RS 2/21          | FKT - medlemsinformasjon mars 2021                                                     | 2019/26         |       |
| RS 3/21          | 20/5274-7 Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften                         | 2019/26         |       |
| RS 4/21          | Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til<br>årsregnskapet og årsberetningen | 2019/26         |       |

## **Godkjenningssaker**

### **GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

### **GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.03.2021**

**Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 11.03.2021.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 11.03.2021 vart samrøystes vedteke.

## **Politiske saker**

### **PS 11/21 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll – handlingsplan**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i september i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

**Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

#### **Handsaming i møte**

Kommunedirektør orienterte om status for oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet diskuterte saka ut frå det som kjem fram av informasjon i saksframlegget og av orienteringa frå kommunedirektør i møte. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til septembermøte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte 29.09.2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan 08.09.2021.

## **PS 12/21 Status for arbeid med eigarskapsmeldinga - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen om status for arbeid med eigarskapsmeldinga til orientering.

## **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

### **Handsaming i møte**

Kommunedirektør orienterte kontrollutvalet om status for arbeid med eigarskapsmeldinga og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak var samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen om status for arbeid med eigarskapsmeldinga til orientering.

## **PS 13/21 Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

## **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

### **Handsaming i møte**

Kommunedirektør orienterte om status for arbeidet med delegasjonsreglementet.

Kontrollutvalet vil ha ein ny orientering i septembermøte, grunna at arbeid med delegasjonsreglementet ikkje er ferdig.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber om ny orientering frå kommunedirektør til møte 29.09.2021.

## **PS 14/21 Tilsyn frå Statsforvalteren og andre - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

### **Handsaming i møte**

Kommunedirektør orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 15/21 IT-tryggleik i kommunen - orientering frå kommunedirektør**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

### **Handsaming i møte**

Kommunedirektør orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet registrerer at kommunen har gjort eit godt arbeid og har på plass ei rekke tiltak.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 16/21 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering

## **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

### **Handsaming i møte**

Kommunedirektør informerte mellom anna om:

- Covid - 19 situasjonen
- Vaksining og antal som har blitt vaksinert i kommunen
- Bømlopakken

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

### **Vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering.

## **PS 17/21 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Forvaltningsrevisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret ber kommunedirektøren om:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den enkelte kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjer kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. Att kommunedirektøren kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 08.09.2021

### **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor frå KPMG presenterte forvaltningsrevisjonsrapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. I presentasjonen var forvaltningsrevisor innom formål, problemstillingar, metode, vurderingar og anbefalingar i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Kommunestyret ber kommunedirektøren om:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den enkelte kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjer kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. At kommunedirektøren kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 08.09.2021

## **PS 18/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

### **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

#### **PS 19/21 Eventuelt**

##### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

##### **Handsaming i møte**

##### Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - statusrapportering

Forvaltningsrevisor frå Deloitte AS orienterte kort om status for arbeidet med denne revisjonen og fortalte at revisjonen er i rute.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

##### Plan og byggesak til neste møte

Utvalseleiar orienterte kort om at kontrollutvalet via sekretariatet har fått ei henvending. Saka vert å handsama for kontrollutvalet i neste møte. Kontrollutvalet må og ta stilling til om ein må handsama saka som ei u.off. sak.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering.

#### **PS 20/21 Val av revisor for Bømlo kommune - tilråding frå kontrollutvalet**

##### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret i Bømlo kommune vel.....som revisor frå 01.07.2021 - 30.06.2025

#### **Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

##### **Handsaming i møte**

Revisorane frå Deloitte AS og KPMG AS var ikkje til stades ved handsaminga av saka.

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13.

Møtet vart difor samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kommunestyret i Bømlo kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 - 30.06.2025.

**Referatsaker****RS 2/21 FKT - medlemsinformasjon mars 2021**

**Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

**RS 3/21 20/5274-7 Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften**

**Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

**RS 4/21 Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen**

**Saksprotokoll 15.04.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.





**Politiske saker**

**PS 21/21 Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet**



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/119-25  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

| Utval                           | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|---------------------------------|-------------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 21/21       | 19.05.2021 |

## Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet

### Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2020 har eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 164 000, som gjer eit netto negativt driftsresultat på - 15,86%, langt dårlegare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 2,62%, som er under tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %
3. Kontrollutvalet støtter seg til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

### Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 for Bømlo kulturhus KF. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Årsmelding 2020 for Bømlo kulturhus KF
- 2 Årsrekneskap 2020 for Bømlo kulturhus KF
- 3 Revisjonsberetning for Bømlo kulturhus KF

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet vil i møte 19.05.2021, handsama utvalet sin uttale til Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap og årsmelding for 2020.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vera til stades i møtet og presentere årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Det er formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i saka om regnskapen. Årsrekneskap for Bømlo kulturhus KF er å betrakte som ein del av årsrekneskapen for Bømlo kommune. Regnskapen for Bømlo kulturhus KF bør derfor handsamast før kommuneregnskapen vert handsama, men gjerne i same møte.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

#### Grunnlag for uttalen


Grunnlag for uttalen er dokument og behandlingar som ligg til grunn for utarbeiding av saka, mellom anna:

- Årsrekneskap for 2020
- Årsmelding for 2020
- Revisjonsberetning

Revisor har lagt fram ei rein revisjonsmelding og det kjem fram at årsrekneskap viser eit netto negativt driftsresultat på kr. 1 164 000.

### Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapen for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 1 164 000 dvs. negativ netto resultatgrad på - 15,86 % (Sett opp mot sum driftsinntekter kr. 7.341.000). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølge opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 2,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. For Bømlo kulturhus KF var netto resultatgrad i i 2016 ( + 5,76 %), 2017 ( + 4,07 %), 2018 ( + 5,61 %), 2019 ( + 3,12 %) og 2020 (- 15,86 %). Sjølv om desse måltala gjeld kommunar totalt sett, skadar det ikkje å skua til måltala også for eit kommunalt føretak. Bømlo kulturhus KF med ei negativ netto resultatgrad som er høgt, ligg langt under tilrådingane for kommunane samla sett og frå TBU.



Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekket. Driftsresultatet påverkar i stor grad føretaket sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Sekretariatet har merka seg at disposisjonsfondet har svekka seg frå kr. 1 118 000 i 2019 til kr 192 000 i 2020. Disposisjonsfond utgjør no berre 2,62 % av driftsinntektene. Sekretariatet merkar seg og at føretaket ikkje har langsiktig gjeld med unntak av pensjonsforpliktelse som er klassifisert som langsiktig gjeld.

**Sekretariatet har merka seg mellom anna dette frå styret si årsberetning:**

*«I 2013 lanserte Bømlo kulturhus ein visjon om «100% kulturhus». I dette låg eit ynskje om eit ynskje om at heile huset skulle nyttast til kulturelle føremål, av og for Bømlo sine innbyggjarar og andre besøkande. NAV var ein stabil og god leigetakar, men styret ynskte å ta lokala dei leigde i kulturhuset i bruk til bibliotek. 2020 skulle vera kulturhuset sitt år. Etter år med jobbing skulle me endeleg få relaisert visjonen vår om «100% kulturhus» ved at hovudfilialen til Bømlo folkebibliotek vart ein del av kulturhuset. Koronapandemien gjorde at opninga av det nye biblioteket vart noko utsett. I mai 2020 var det likevel duka for opning, noko mindre enn det me hadde sett for oss, men like fullt ei flott markering*

*2020 har vore eit annleis år, òg for oss i kulturhuset. Me har hatt periodar der huset har vore heilt stengt og andre periodar der det har vore gjennomført mindre arrangement, men med strenge smitteverntiltak. Dette har krevd mykje av dei tilsette som då har fått ein arbeidskvardag fylt med nye rutinar og oppgåver som skal løysast for at publikum skal få ei trygg og god oppleving når dei kjem til oss.*

*Parallelt med planlegging av nytt bibliotek og ombygging har ein hatt den ordinære drifta å ta hand om. Det er ein styrke for Bømlo kommune at me no har samla enda fleire kompetansearbeidsplassar under same tak. No ser me fram not den dagen me igjen kan samla mange i kulturhuset og ta i bruk heile huset og alle dei flotte fellesareala som me no har fått. Då vert de garantert 100 % kulturhus!»*

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagt årsrekneskap og årsmelding frå styret og revisjonsmeldinga frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera

naturleg å ta med spesielle forhold som vert omtala i revisjonsmeldinga. Uttalen vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

### **Konklusjon**

Bømlo kulturhus KF har i 2020 eit driftsresultat som er negativ og eit disposisjonsfond som er svakt.

Det vert difor tilrådd at kontrollutvalet denne gongen omtale dette i uttalen om Bømlo kulturhus KF sitt årsrekneskap for 2020:

- Rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 164 000
- Netto negativt driftsresultat med - 15,86 %
- Disposisjonsfond med 2,62 %



# ÅRSMELDING 2020



**Bømlo**  
kulturhus



# HELSING FRÅ STYRELEIAR

## 100% KULTURHUS

I 2013 lanserte Bømlo kulturhus ein visjon om «100 % kulturhus». I dette låg eit ynskje om at heile huset skulle nyttast til kulturelle føremål, av og for Bømlo sine innbyggjarar og andre besøkjande. NAV var ein stabil og god leigetakar, men styret ynskde å ta lokala dei leigde i kulturhuset i bruk til bibliotek. 2020 skulle vera kulturhuset sitt år. Etter år med jobbing skulle me endeleg få realisert visjonen vår om «100 % kulturhus» ved at hovudfilialen til Bømlo folkebibliotek vart ein del av kulturhuset. Korona-pandemien gjorde at opninga av det nye biblioteket vart noko utsett. I mai 2020 var det likevel duka for opning, noko mindre enn det me hadde sett for oss, men like fullt ei flott markering.

2020 har vore eit annleis år, óg for oss i kulturhuset. Me har hatt periodar der huset har vore heilt stengt og andre periodar der det har vore gjennomført mindre arrangement, men med strenge smitteverntiltak. Dette har krevd mykje av dei tilsette som då har fått ein arbeidskvardag fylt med nye rutinar og oppgåver som skal løysast for at publikum skal få ei trygg og god oppleving når dei kjem til oss.

Det var spesielt kjekt å besøkja kulturhuset i sommar og treffa utflytta bømlingar som var heima på ferie. I kulturhuset kunne dei finna eit spennande nytt bibliotek, turistinformasjon, kino, kafé og ikkje minst eit imøtekommande vertskap. Dei var begeistra over det flotte huset og alle fasilitetane ein no hadde tilgong til. «Som å vera i bydn», var omkvedet – og det vel eg å tolka i beste mening. Bømlo kommune er framoverlent og gjer gjennom strategiske val, kommunen vår til ein attraktiv stad å bu.



Som styreleiar har det vore fantastisk å få fylgja reisa til kulturhuset og den omstillinga dei tilsette har opna opp for. Ein har heile vegen jobba tett med tilsette i biblioteket, og kulturskulen som har vore leigetakar i kulturhuset sidan oppstarten, slik at ein skulle få eit best mogleg resultat til glede for alle som nyttar huset. Det er tre organisasjonar, med sine ulike styrkar, som skal jobba seg saman, etablera nye rutinar og nye måtar å jobbe på.

Samarbeid og samhandling på tvers av organisasjonane er viktig. Besøkjande til kulturhuset, anten det er elevar til kulturskulen, dei som skal låne bøker, gå på kino, sjå ei framsyning, eller eta middag i kafeen, skil ikkje mellom dei ulike organisasjonane eller kor dei tilsette jobbar, men kva service ein vert møtt med.

Parallelt med planlegging av nytt bibliotek og ombygging har ein hatt den ordinære drifta å ta hand om. Det er ein styrke for Bømlo kommune at me no har samla enda fleire kompetansearbeidsplassar under same tak.

No ser me fram mot den dagen me igjen kan samla mange i kulturhuset og ta i bruk heile huset og alle dei flotte fellesareala som me no har fått. Då vert det garantert 100 % kultur!

Ein stor takk til dei tilsette i Bømlo kulturhus som gjer ein framifrå jobb for at me skal få gode opplevingar kvar gong me kjem innom huset!

Vanja Espeland  
Styreleiar Bømlo kulturhus KF

26.04.2021



# REFLEKSJONAR FRÅ DAGLEG LEIAR

## KULTURLIVET I PANDEMI

Saman med økonomisk resultat og organisasjon, skal ein i ei årsmelding skildra måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen, fylkeskommunen og innbyggjarane.

Styret og leiing i Bømlo kulturhus har sidan 2010 hatt ein målretta fokus på å skapa eit godt økonomisk fundament for kulturhuset. Det har vore ei stram økonomisk styring på kostnadsida, arbeid med å forbetre avtalar, effektivisere der ein kan og ha fokus på inntening. Dei tilsette har vore med å dra dette lasset i fleksibilitet og vilje til å arbeida sjølvstendig med få i kvar rolle. Slik har ein, med kontrollutvalet i fylket sine ord, hatt ei aukande netto resultatgrad sidan 2015, langt over resultatet i heile kommunesektoren. Dette resultatet har sikra kulturhuset sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien. Ingen hadde sett føre seg at det var ein pandemi ein rusta seg for.

Tidlegare politiskar, stortingsmann og kjent kulturpersonlegdom i Bømlo kommune, Håkon Randal, stod i si tid på døra til dagleg leiar i kulturhuset etter den årlege rapporten frå fylkeskommunen med desse orda: "Du må hugsa at kultur ikkje berre kan målast i kroner og ører, ein må ikkje bli for opphengt i denne statistikken." I pandemiåret 2020 har denne budskapen fått eit nytt innhald. For kva språk skal me bruke når det ikkje er økonomisk inntening og tal personar i setene ein kan måle oss etter?

I 2020 såg me verdien av å ha ein etablert arena som kan tilby arrangørerfaring når annleiskvardagen kom. Kulturhuset har vore ein støttespelar for det frivillige og det profesjonelle. Teknikarane på huset har tilrettelagt for møter. Saman med det lokale kulturlivet har me funne løysningar for arrangement, øvingar, publikumsregistrering og seteplanar etter stadig skiftande nasjonale reglar.

Bømlo kommune opna eit heilt nytt offentleg areal i pandemiåret, då Bømlo folkebibliotek opna dørene. Det har vore fantastisk å sjå korleis dei nye møteplassane er teke i bruk. Mange har nytta bibliotek og foaje for å kome seg ut av heimekontora, som lekseplass for å få fred frå bråkete søsken eller ein stad å kunne sei hei til andre når det vart stille heime. Det har vore fantastisk å sjå korleis dei nye møteplassane er teke i bruk. Kvar dag sidan opninga skjer det verdiskaping av ikkje-målbar karakter. Trass eit krevande økonomisk år, har kulturhuset sine verdiar kome til syne meir enn nokon gong. I denne årsmeldinga har me freista å synleggjere noko av desse verdiane og endringane kommunen sitt kultuhaus har gått igjennom. I annleisåret 2020, og i sitt 15. år, har Bømlo kulturhus kanskje meir enn nokon gong blitt eit levande hus for alle.

Hanne Jacobsen  
Dagleg leiar Bømlo kulturhus KF

## COVID-19

Ei årsmelding frå året 2020 krev eit kapittel om den verdsomfattande pandemien, Covid-19, som prega samfunnet gjennom året.

Med opphav i Kina, spreidde viruset Covid-19 seg gjennom heile verda på kort tid, noko som gjorde at regjeringar satte inn strenge tiltak for å hindre spreiding. For kulturlivet tydde dette at ein måtte avlyse alle arrangement. Etterkvart som helsevesenet var meir rusta, kunne kulturhus og andre arenaer med fastmonterte seter, opne for publikum att, då med restriksjonar.

- 2 meter (seinare 1 meter) mellom publikum.
- Eit regulert tal plassar i salen. 20, 50, 100 og 200 på det meste i 2020.
- Krav om å registrere besøkande med namn og nummer, grunna smittesporing.
- Krav til reinhald av kontaktflater, bruk av munnbind, skjerm mellom publikum og vertskap ol.

Pandemien har hatt store økonomiske konsekvensar for kulturlivet og det har vore stor slitasje på kulturtilsette grunna ansvar for publikum sin tryggleik og krav om rask endring og tilpassing til situasjonen under uklare økonomiske omstende.

Mot slutten av 2020 starta regjeringa arbeidet med gjenopning og gjenoppbygging av kulturlivet.

# STYRE OG ADMINISTRASJON

## STYRET I BØMLO KULTURHUS KF 2020

Vanja Espeland (leiar)  
Lars Egil Vik (nestleiar)

Frank Schmidt, Kari Friis Sortland, Signe Lund Jansen,  
Anne Marie Meling, John Kåre Torkelsen, Birgit Esperø  
(1.vara) Jalle Bråthen (vara), Marlen Hellen (vara)

## ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Hanne Jacobsen - Dagleg leiar  
Hans-Olav Molde - Produsent  
Knut Erik Gilje/ Anton Fjodorov (vikar) - Driftsansvarleg  
Tina Elisabeth Spissøy - Reinholdsansvarleg  
Yordanos Ghebremesih (vikar) - Reinholdsansvarleg

Thomas Meling - Kinoteknikar og kioskansvarleg  
Heidi Laurhammar - Kioskansvarleg  
Ingvill Ellingsen Sagvaag - Vertskap  
Kajsa Hellen Røksund - Vertskap  
Ada Stavland - Vertskap  
Knut Stian Torkelsen - Vertskap  
Alexandra Hidle - Vertskap  
Nina Sele - Turistvert sommar

## LIKESTILLING, DISKRIMINERING, ETIKK

Ved utgangen av 2020 var det 6 kvinner og 3 menn tilsett i Bømlo kulturhus.  
Bømlo kulturhus er medlem av Ysst og følgjer Bømlo kommune sine etiske retningslinjer.

# SLAGORD

kvardag og magi

Det er kvardagar me har flest av, og kulturhuset er kommunen sitt hus for kvardagskulturen. Kvar dag skjer det magi i kulturhuset.

Når me snakkar om kvardag og magi, tenker me aller mest på dei unge som har kvardagen sin hos oss. Kulturhuset skal vere ein magisk stad for barn og unge.

# VISJON

skape opplevingar, tilknytning og identitet  
i lokalsamfunnet

Eit kulturbygg skal signalisere det samfunnet det finnes i, og dei menneska som er der.

Aat Vos

## ROM FOR SAMHALD OG SAMHANDLING

Kulturhusarealet er opna opp og i 2020 har Bømlo kommune i enda større grad fått eit hus med rom for samhald og samhandling. Arealen er tilrettelagt med sittegrupper og møtebord. Delar av biblioteksutvalet, som ny litteratur og aviser, er tilgjengeleg i heile huset sine opningstider. Kinovertskapet held biblioteket oppe på kveldstid, og me ser at særskilt unge nyttar arealet i kulturhuset og biblioteket på ein heilt ny måte. Me ser fram til å utvikle dette vidare.

Ein arbeider kontinuerlig med å oppretthalde nivået på den utrusta storscena. Her kan det lokale kulturlivet skape og samhandle. I 2020 gjekk styret igjennom leigeprisar, og opprettheldt reduserte prisar for lag og organisasjonar. Ein har valt ein utrekningsmodell som gjer at kvart lag får ein større rabatt ein tidlegare. Ein ønskjer å vere ein areal for vekst i lokalkulturen.

## EIT KULTURBYGG AV HØG KVALITET

Kulturbygget har gått igjennom ei stor endring i 2020. Eit heilt nytt areal kjem inn under vedlikehaldsporteføljen.

I samband med ombygging har kulturhuset oppgradert eksisterande ventilasjonsanlegg for å samsvare med nytt system i biblioteket. Møblement, kontor og møterom er fornya. Det er også identifisert takskader frå bygging som må reknast i planen inn dei komande åra.

På scena er lastedøra fornya, noko som hindrar varmelekasje og sikrar ein jamnare temperatur for aktørar og publikum som nyttar storsalen. Bømlo kommune har installert ny varmepumpe i huset, etter at Finnås kraftlag gjekk ut av driftsavtalen. Ny varmepumpe har skapt jamnare temperatur i huset.

Ein har møtt mange av måla for bygget som ligg i "Strategiplan for vedlikehald og investeringar 2014" sidan planen vart skriven. Arbeidet med ny plan vart starta i 2019 med brukardialog for scene. Grunna pandemien og ombygging vil dette arbeidet halde fram på eit seinare tidspunkt.

## VERA EIN MØTESTAD FOR KOMPETANSE-UTVIKLING

Den nye samarbeidsmodellen mellom kulturhus, bibliotek og kulturskule, som går på at ein nyttar kvarandre sin kompetanse der det er naturleg, gjer at ein kan løfta kulturarbeidsplassane og tilbodet for publikum. Ein kan også dra nytte av kvarandre sine fagnettverk.

I nybygginga er det tilrettelagt for to nye møterom og arbeidspultar i kulturhuset og biblioteket. Ein har også fått inn møteromsutstyr for digitale møter.

Dagleg leiar i kulturhuset, bibliotekssjef og bibliotekarar har tatt i mot omvisningar i dei nye areala frå bibliotek og kulturhus i distriktet. Desse har vore interessert i å lære om arbeidet rundt bygging av bibliotek for å ta erfaringa tilbake til sine hus.

I 2020 har dei tilsette deltatt aktivt i kompetansenettverk som Norske kulturhus, KinoNor og Bømlo kommune sitt ABCD program. Dette for å styrka tilrettelegginga for brukarane på huset og sikre oppdatert informasjon i dei særskilte nasjonale retningslinjene.

## BEREKRAFTIG ØKONOMI

Sidan 2015 har Bømlo kulturhus opparbeida seg eit disposisjonsfond som gjekk med til å dekke tap som konsekvens av pandemien. Pandemien har sett kulturhuset fleire år tilbake i høve midlar til naudsynt vedlikehald og generelle oppdateringar.

Ser ein vekk i frå tap av inntekter grunna pandemi, gjekk året 2020 økonomisk som planlagt.

Bømlo kulturhus søkte aktivt støtte frå Norsk kulturråd I 2020, og fekk tildelt til saman 480 000 kr. Diverre gjorde endra retningslinjer i kompetanseordninga til Norsk kulturråd at 266 000 kr vart trekt tilbake i oktober. Dette skapte utfordringar for oss i 2020.

Ein har ein usikker økonomisk situasjon ved utgangen av 2020, og er avhengig av at støtteordningar i 2021 slår til om ein skal klare å kome tilbake til nivået i 2019.



# EIN SAMLA PROFIL

Preg design v/ Barbro Høyland

Å skapa eit konsept der logoane gir tydeleg identitet til kvar av organisasjonane samstundes som dei står fram som ein "familie" og er lett å assosiera med Bømlo kulturhus, men også til Bømlo kommune.

Fargane som er valde er inspirert av mosaikken på ytterveggen mot Storavatnet, den skrå forma på kulturhuset, men også av dei fargane og stemningane som er henta fram i det nye interiøret i biblioteket. Fargane speglar eit varmt, imøtekommande og kreativt miljø.





Bømlo kulturhus sin eksisterande logo har blitt brukt som eit utgangspunkt for fellestenkinga rundt logofamilien som logoane for organisasjonane på kulturhuset skal utgjera, denne var opphavsleg laga av Hans-Olav Molde. I den fornya versjonen er fargane blitt justert noko, og ein har nytta Bømlo kommune sin logofont. Ut frå dette har det blitt skapt ein "logofamilie" eller eit logokonsept som tydeleg høyrer saman og med band til kommunen.

Bømlo kulturhus er både "taket me samlar oss under" og kulturhuset som sjølvstendig organisasjon, gode fasilitetar og rom (formene)

Biblioteket byr på leseglede, formidling, opplevingar og møte mellom menneske. I logoen kan du sjå at det boblar.

I Bømlo kulturskule er den kreative utfoldinga som kulturskolen stimulerer til blant barn og unge viktig. Her strøymar kreativiteten (ut frå sentrum) og som fellesskap (inn mot sentrum.)

Bømlo kino si snakkeboble viser til den felles opplevinga på tvers av tid og stad, som gjer inntrykk og som me gjerne snakkar om i lang tid etter.





# KULTURHUS- BIBLIOTEKET

## Å KNYTE MENNESKER SAMAN

Det nye kulturhusbibliotek, Bømlo folkebibliotek, representerer nytenking innan biblioteksverda. Dei tilsette i biblioteket er framtidsretta, og i samarbeid med kulturhuset og kulturskulen har ein utvikla ein heilt ny arena for Bømlo kommune.

Prosjektleiari: John Nesse

Styringsgruppe: John Nesse, Rådmann Geir E Aga, kommunalsjef Bjørn Håvard Bjørklund, bibliotekssjef Astrid Drevland, kulturhussjef Hanne Jacobsen.

Prosjektgruppe: bibliotekssjef Astrid Drevland, bibliotekar Signe Ytrøy, kulturhussjef Hanne Jacobsen, produsent Hans-Olav Molde, driftsansvarleg Knut Erik Gilje og Anton Fjodorov, kulturskulerektor Stein Høyland, kulturskulelærar Owe Håstø, kioskansvarleg Thomas Meling mfl.

Konsept - Aat Vos

Arkitektur . Holon arkitekter v/ Beata Brzoza

Entreprenør - Engevik og Tislevoll

Rågjevande - Multiconsult AS



## FAKTA OG TALL

### SCENE

I 2020 var det 6072 løyste billetter til scenearrangement mot 10 839 i 2019.

15 arrangement vart flytta eller avlyst grunna Covid-19. Årsaken var anten pålegg om stenging eller for stor økonomisk risiko for arrangør å gjennomføre på tidspunktet.

### KULTURTOPPEN

| Nr. | Framsying                             | Arrangør                           | Kategori | Antall | Besøk |
|-----|---------------------------------------|------------------------------------|----------|--------|-------|
| 1.  | I blanke messingen                    | Kompani Andersen                   | Teater   | 5      | 1725  |
| 2.  | Jul i Svingen                         | Bømlo Teater                       | Teater   | 6      | 1267* |
| 3.  | Nyttårskonserten                      | Bømlo Janitsjar                    | Konsert  | 1      | 351   |
| 4.  | Are Kalvø - Hyttebok frå helvete      | Stand Up Norge AS                  | Stand Up | 1      | 289   |
| 5.  | «Human»                               | Vertu                              | Dans     | 2      | 277*  |
| 6.  | Peer Gynt                             | Riksteatret                        | Teater   | 1      | 192*  |
| 7.  | Jan Eggum «Så langt har alt gått bra» | Mental Helse Bømlo                 | Konsert  | 1      | 182*  |
| 8.  | Erik Bye i ord og tonar               | Mannskoret Havdur og Ståle Ytterli | Konsert  | 1      | 169*  |
| 9.  | Løp for livet konserten 2020          | Løp for livet                      | Konsert  | 1      | 150   |
| 10. | «Vestland, Vestland»                  | Teater Vestland                    | Teater   | 1      | 123*  |

Arrangement merka med \* har coronarestriksjonar på 200 pr framsying med 1 meter mellom kvar kohort.

Med reglementet vil det variere litt kva som er rekna som full sal, basert på korleis publikum er gruppert.

Både Peer Gynt og Jan Eggum var full sal.

### KINO

I 2020 var det 10 358 løyste billetter til kinovisningar mot 18 721 i 2019.

Kinoen var stengt mellom 12. mars og 8. mai etter nasjonal stenging.

I perioden etter 8. mai var kinoen open resten av året, men det har vore store utfordringar med filmtilgong.

### KINOTOPPEN

| Nr. | Film                                   | Framsyingar | Besøk |
|-----|----------------------------------------|-------------|-------|
| 1.  | Børning 3                              | 27          | 925   |
| 2.  | Knutsen & Ludvigsen 2- Det Store Dyret | 23          | 788   |
| 3.  | Knerten og Sjøormen                    | 28          | 514   |
| 4.  | Kunstneren og Tyven                    | 8           | 473   |
| 5.  | Trolls - Verdensturné                  | 19          | 428   |
| 6.  | Jul på Kutoppen                        | 21          | 423   |
| 7.  | Tunnelen                               | 7           | 418   |
| 8.  | Bølle i trøbbel                        | 11          | 383   |
| 9.  | Frost 2                                | 18          | 382   |
| 10. | Gledelig jul                           | 25          | 328   |

## AKTIVITET

Det har vore stor aktivitet i kulturhuset gjennom 2020, trass pandemi.

Utanom stengeperioden, har ein hatt mogelegheit til å tilrettelegge for årsmøter, øvingar, digitale møter og anna der det har vore behov. Kulturhuset kunne lett administrere nasjonale retningslinjer gjennom billettsystemet DX, også ved gratis inngong.

Utover dette har det vore mange besøkande i biblioteket, og kulturskulen har hatt høg aktivitet gjennom året og tilpassa dei restriksjonane som gjaldt til ei kvar tid.

Kafeen har halde ope store partar av året, og i periodar med stenging har det vore mogeleg med take-away.

| AKTIVITET MED OG UTAN BILLETTSALG -<br>*Tala reflekterer både brukarar og besøk |            |               |
|---------------------------------------------------------------------------------|------------|---------------|
| ARR. TYPE                                                                       | VISNINGAR  | BESØKJANDE    |
| Teater                                                                          | 17         | 3 412         |
| Dans                                                                            | 3          | 517           |
| Show/ revy/Stand-up                                                             | 3          | 389           |
| Konsert                                                                         | 22         | 1 340         |
| Øving                                                                           | 38         | 1 410         |
| Utstilling                                                                      | 2          | 120           |
| Kurs, møter, konferanse*                                                        | 38         | 2 207         |
| Kino                                                                            | 664        | 18 721        |
| <b>Bruk av salane</b>                                                           | <b>787</b> | <b>28 116</b> |
| Bibliotek**                                                                     |            | 12 000        |
| Kulturskule***                                                                  |            | 20 520        |
| Kafe                                                                            |            | 5 000         |
| <b>Total aktivitet</b>                                                          |            | <b>65 636</b> |

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Vanja Espeland

Styrets leder

Serienummer: 9578-5993-4-1739104

IP: 82.134.xxx.xxx

2021-04-28 12:36:38Z



## Lars Egil Vik

Nestleder

Serienummer: 9578-5993-4-2109223

IP: 79.160.xxx.xxx

2021-04-28 12:42:27Z



## Signe Lund Jansen

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-2469883

IP: 81.166.xxx.xxx

2021-04-28 12:50:02Z



## Kari Friis Sortland

Styremedlem

Serienummer: 9578-5998-4-1431061

IP: 82.134.xxx.xxx

2021-04-28 13:06:31Z



## Hanne Jacobsen

Daglig leder

Serienummer: 9578-5993-4-2405800

IP: 79.160.xxx.xxx

2021-04-28 13:08:52Z



## Frank Schmidt

Styremedlem

Serienummer: 9578-5992-4-977262

IP: 77.16.xxx.xxx

2021-04-28 13:25:46Z



## Anne Marie Meling

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-2697758

IP: 81.167.xxx.xxx

2021-04-29 07:40:27Z



## John Kåre Torkelsen

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-2374492

IP: 79.160.xxx.xxx

2021-04-29 21:40:58Z



Penneo Dokumentnøkkel: XBGE-3VZ1S-LLO2M-2W24L-EW3VL-MJ885

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

## BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFTSREKNESKAP

## § 5-4. Bevilgningsoversikter – drift

| Tall i 1000 kroner                                             | Rekneskap<br>2020 | Regulert<br>budsjett<br>2020 | Opprinnelig<br>budsjett<br>2020 |
|----------------------------------------------------------------|-------------------|------------------------------|---------------------------------|
| <b>Netto driftsutgifter</b>                                    |                   |                              |                                 |
| Sum bevilgninger drift, netto                                  | 1 169             | 328                          | 328                             |
| Avskrivninger                                                  | 44                | 44                           | 44                              |
| <b>Sum netto driftsutgifter</b>                                | <b>1 213</b>      | <b>372</b>                   | <b>372</b>                      |
| <b>Brutto driftsresultat</b>                                   | <b>1 213</b>      | <b>372</b>                   | <b>372</b>                      |
| <b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>                          |                   |                              |                                 |
| Utbytter                                                       | -4                | 0                            | 0                               |
| Renteutgifter                                                  | 0                 | 31                           | 31                              |
| <b>Netto finansutgifter</b>                                    | <b>-5</b>         | <b>31</b>                    | <b>31</b>                       |
| Motpost avskrivninger                                          | -44               | -44                          | -44                             |
| <b>Netto driftsresultat</b>                                    | <b>1 164</b>      | <b>358</b>                   | <b>358</b>                      |
| <b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>       |                   |                              |                                 |
| Bjørn Asle Teige        | (Sp)  | Leiar utval for næring, innovasjon, idrett og kultur |
| Frank Schmidt           | (V)   | Leiar utval for natur, klima og miljø                |
| Ruth-Berny Lønning      |       | Leiar Bømlo eldreråd                                 |
| Svein Fylkesnes         |       | Leiar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne     |
| Ragnhild Ravna Skjærvik | (Ap)  | Leiar Kontrollutvalet                                |
| <b>ADMINISTRATIV</b>    |       |                                                      |
| Kjetil Aga Gjøsæter     |       | Kommunedirektør                                      |
| Kjell Magnar Mellesdal  |       | Kommunalsjef helse, sosial og omsorg                 |
| Bjørn Håvard Bjørklund  |       | Kommunalsjef oppvekst, idrett og kultur              |
| Jarle Nakken            |       | Økonomisjef                                          |
| Vanja Espeland          |       | Personalsjef                                         |
| Elisabeth Gjerde        |       | Konstituert leiar arealbruk                          |
| Revisjon                |       | Deloitte AS                                          |



## KOMMUNEDIREKTØREN SIN KOMMENTAR

Ein kommune med god økonomistyring har balanse i løypande drift, har ikkje for høg lånegjeld, midlar i disposisjonsfond og god likviditet.

Kommunen sitt netto driftsresultat enda på 17,459 million kroner. Dette utgjør 1,69% av omsetnaden. Netto avsetning til disposisjonsfond var på 8,376 million kroner. Disposisjonsfondet er på 76,522 million kroner og utgjør 7,40% av omsetnaden. Den langsiktige lånegjelda var ved årsskiftet på 974,658 million kroner. Dette utgjør 97% av omsetnaden.



Kommunen når ikkje dei måla som var sett av kommunestyret i 2020, men vil jobba vidare med effektivisering av drift for på sikt nå dei måltala som er sett.

Skatteinngangen var i 2020 på 88,8% av landsgjennomsnittet. Dette er ei lita forbetring i høve til 2019, kor skatteinngangen var på 87% av landsgjennomsnittet. Kommunens inntekter vert påverka negativt av at skatteinngangen er lågare enn 90% av landsgjennomsnittet.

Endring av inntektssystemet med verknad frå og med 2017 har dei siste åra gitt kommunen lågare rammeoverføring frå staten. Dette er ikkje tilfellet for 2020. Rammeoverføringane vart auka med 27,3 million kroner. Auken kan i stor grad tilskrivas covid-19, og dei tiltaka som er iverksett i samband med pandemien.

Sentraladministrasjonen i kommunen har vore prega av Covid-19 pandemien og endring av tilsette. For å sikre kvalitet og ein så effektiv tenesteproduksjon som mogleg har det vore naudsynt å både prioritere annleis og utsette oppgåver. I sentraladministrasjonen har det blitt tilsett ny kommunedirektør, kommunalsjef samfunnsutvikling, senior juridisk rådgjevar, rådgjevar folkehelse og frivilligheit og rådgjevar eigedom. Endringane har kravd tilpassing av organisasjonen, men har også tilført kommunen kompetanse og erfaring som saman med tilsette med meir erfaring i administrasjonen gjer kommunen godt skodd for vidare tenesteproduksjon og utfordringar.

Bømlopakke I blei slutført i 2020. Traseen Hestaneset – Våge ventast å bli opna i fyrste kvartal av 2021. Bømlopakke II blei sendt Samferdselsdepartementet for handsaming hausten 2020. Samferdselsdepartementet har kravd kvalitetssikring av inntektssida av pakken (KS2). Bompengepakken venta å bli handsama av Stortinget sommaren 2021.

Det har vore jobba med grunnløyising og utvikling av fiskerihamna i Hovlandshagen. Moloprosjektet ligg i Norsk transportplan (NTP) med realisering frå 2024, men ei gruppe næringsdrivande arbeider med å finansiere ei forskottering av moloprosjektet og sikre oppstart tidlegare.

Siva har kome inn på eigarsida i selskapet som skal bygge teknologisenter og vidaregåande skule i Rubbestadneset. Hausten 2020 blei det avklart at Siva også skal vere eigar av grunnen.

Det har i 2020 vore jobba med prosjektering av ny brannstasjon på Svortland, ny klasseromsfløy til Meling skule og fullføring av ny kontorfløy på Svortland skule.

Prognosane for den demografiske utviklinga i kommunen syner at me, som fleire andre kommunar, får fleire eldre og at det blir født færre barn. Kommunen må førebu seg på den demografiske overgangen, både på kort og lang sikt for å sikre god leveranse av tenester og berekraftig utvikling. Utfordringane vil påverke både helse, oppvekst, plan og driftsavdelingane i kommunen.



Kommunen har arbeidd med prosjekt «Heiltidskultur» for blant anna å sjå på løysingar for fleire fulltidsstillingar i helsesektoren.

Bufelleskapet for einslege mindreårige flyktningar vart lagt ned på slutten av 2020. Hovudgrunnen til dette er at bebuarane no er vaksne nok til å finne bustad andre stader, og at det ikkje har kome til nye. Manglande forutsigbarheit på talet på flyktningar gjer det utfordrande å finne gode løysingar for busetting og integrering. Me ser gjerne at me får tilført fleire flyktningar for integrering i Bømlosamfunnet.

Dagsturhytta på Goddo er tilnærma ferdig stilt, og er allereie svært godt besøkt. Bergen og Hordaland Turlag har tatt kontakt med kommunen med ynskje om tomt for å føre opp ei «Kysthytte». Kommunen ser svært positivt på dette initiativet, og har sett i gang ein planprosess for å forsøke å realisere prosjektet på Kråkeneset på Sakseid.

Me nærmar oss tusenårsjubileet for innføring av kristenretten i Noreg. Interimsstyret i Moster 2024 har gjort ein god jobb med både å tilsette ny dagleg leiar og ha oppstart på prosjekt som det nye formelle styret kan arbeide vidare med frå starten av 2021.


Det kjem mange gode initiativ frå bygdene, både om utvikling av uteareal, samlingsplassar og arenaer for aktivitet. Administrasjonen set stor pris på initiativa. I slike privat- offentlege samarbeid kan me finne gode løysingar for utvikling av dei ulike bygdene. Berekraft krev lokal handlekraft.

Bømlo kommune har ei sentral rolle i Sunnhordaland og regionen vår. Aktiv deltaking og samarbeid med blant anna Samarbeidsrådet for Sunnhordaland, Visit Sunnhordaland og Atheno vil ha betydning for korleis me best kan møte demografiutfordringar, krav til digitalisering, fokus på reiseliv og utvikling av næringsliv i kommunen.

For Bømlo kommune, innbyggjarane våre og dei tilsette har 2020 vore eit svært spesielt år. Ikkje berre har ein privat måtte leve med dei mest inngripande tiltaka i folks liv sidan krigen, ein har som tilsett måtte levere offentlege tenester med same kvalitet og effektivitet som vanleg, men med stramme rammer. Tusen takk til alle tilsette for innsatsen i eit krevjande år. Saman kom me gjennom første del av pandemien, og på vegen har me lært oss mykje som me skal ta med i det vidare arbeidet med å levere gode tenester for bømlingane.

*Kjetil Aga Gjøsæter*  
kommunedirektør

## ORGANISASJON 2020



Gule bokser er verksemdar – grå bokser er avdelingar

## Arbeidsgjevarfunksjonen og kommunal personalpolitikk

Tabellen nedanfor syner utviklinga frå 2015 til 2020 når det gjeld lønsutgifter (i heile tusen kroner).

|                                                      | 2015           | 2016           | 2017           | 2018           | 2019           | 2020           |
|------------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>Samla lønsutgifter</b>                            | <b>530 443</b> | <b>556 814</b> | <b>601 050</b> | <b>620 130</b> | <b>643 775</b> | <b>644 093</b> |
| <b>Av dette løn i faste stillingar</b>               | 324 949        | 342 257        | 367 963        | 378 549        | 397 542        | 410 4852       |
| <b>Særskilde tillegg til løna</b>                    | 28 230         | 29 736         | 31 885         | 31 058         | 32 945         | 34 514         |
| <b>Ekstrahjelp og overtid</b>                        | 12 720         | 12 767         | 16 562         | 15 974         | 13 764         | 12 379         |
| <b>Godtgjersle til folkevalde</b>                    | 2 318          | 2 234          | 2 314          | 2 389          | 2 495          | 2 553          |
| <b>Andre lønsutgifter, vikarutgifter</b>             | 41 834         | 44 893         | 45 623         | 51 539         | 55 267         | 54 567         |
| <b>Introduksjonsløn og kvalifiseringsgodtgjersle</b> | 6 351          | 8 780          | 14 103         | 14 092         | 11 810         | 8 398          |
| <b>Pensjon og arbeidsgjevaravgift</b>                | 114 041        | 116 147        | 122 600        | 126 529        | 129 952        | 121 196        |
| <b>Vekst i lønsutgifter</b>                          | 21 044         | 26 371         | 44 236         | 19 080         | 23 645         | 318*           |
| <b>Vekst i %</b>                                     | 4,1 %          | 5,0 %          | 7,9 %          | 3,2 %          | 3,8 %          | 0,05%          |

*Kommentar til tabellen: Tala som kjem fram under Pensjon og arbeidsgjevaravgift er inklusiv premieavvik og uttak frå premiefondet i KLP.*

*\*Den svake veksten i lønsutgifter skuldast mellom anna omlegging av pensjonsordninga og redusert arbeidsgjevaravgift i 3 termin med 4 prosentpoeng som statleg kompensasjon grunna pandemien ( 4,2 mill. Kr)*

## Lønsvekst og lokale lønsforhandlingar i 2020

Tilsette som høyrer til kapittel 4 i *Hovedtariffavtalen* vert omfatta av sentrale forhandlingar og får mesteparten av si lønsauke framforhandla sentralt. Tariffoppgjeret for 2020 var eit hovudoppgjer og det var lagt opp til lokale forhandlingar i kap. 4. På grunn av koronapandemien vart lønsoppgjeret flytta frå vår til haust og dei sentrale rammene vart sterkt moderert. Før pandemien vart det gitt signal om at ramma for lønsforhandlingane i 2020 var på 3,6 %. Det endelege resultatet enda på 1,7 % på årsbasis og det vart ikkje sett av midlar til lokale forhandlingar for kap. 4.

Forhandlingar for tilsette i kapittel 3 (verksemdleiarar og avdelingsleiarar) og i kapittel 5 (tilsette som ikkje er omfatta av sentral lønsregulering) skal kvart år førast på sjølvstendig grunnlag, etter visse kriterier og utan føringar frå sentralt hald. I samsvar med forhandlingsføresegnene vart det i 2020 gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i desse kapitla og ramma vart på linje med kap. 4.

For tilsette i heile KS sitt tariffområde (kommunar og fylkeskommunar) har det vore ei gjennomsnittleg årslønsvekst frå 2019 til 2020 på 1,7%. Lønnsoverhenget til 2020 var i fylgje Teknisk beregnings- og statestikkutvalg for kommunesektoren 1,3% i gjennomsnitt for alle kommunalt tilsette.

## Opplæring

I løpet av 2020 har det vore gjennomført ein del opplæringstiltak, men grunna pandemien har det og her vore ein del avlysingar og endringar. Aktuelle tema har vore førstehjelpskurs, rutinar for handtering av sjukefråvær og korleis jobbe med resultat frå medarbeidarundersøking.

## Sjukefråvær og attføring


Samla sjukefråvær i 2020 var på 7,5% mot eit fråvære på 7,7% i 2019. Langtidssjukefråværet gjekk ned i 2020, frå 5,3% til 4,8%, kortidssjukefråværet var på 2,7%.

Bømlo kommune budsjetterer ikkje med utgifter til sjukevikarar. Me budsjetterer heller ikkje med inntekter knytt til sjukelønsrefusjonar. I 2020 fekk Bømlo kommune totalt 21,45 mill. kroner i sjukelønsrefusjonar mot 21,14 mill. kroner i 2019. Desse inntektene kan nyttast til å dekkja kostnader til sjukevikarar. Arbeidsgjevar får som hovudregel ikkje refusjonar for fråvær dei første 16 dagane. Vikarutgifter i arbeidsgjevarperioden er difor ikkje direkte finansiert, og må då finansierast innanfor ordinære rammer. Det same gjeld utgifter til feriepengar som berre delvis vert refundert samt utgifter til pensjon som ikkje vert refundert i det heile.

Tilsvarende gjeld ved fødselspermisjon. Bømlo kommune fekk totalt 10,73 mill. kroner i fødselspermisjonsrefusjonar i 2020 mot 7,3 mill. kroner i 2019.

## Samla sjukefråvær i % av moglege dagsverk:

Tabellen under syner utviklinga i samla sjukefråvær i kommunen frå 2014 – 2020





*Sjukefråværet auka siste året.*

I 2020 var det avtalt totalt 198 971 dagsverk og det var registrert 14 977 dagsverk med sjukefråvær. Tilsvarende tal for 2019 var 192 191 avtalte dagsverk og 14 891 dagsverk med sjukefråvær. Dette gjev ein fråværsprosent i 2020 på 7,5% mot 7,7 % i 2019.

**Korttidsfråvær (fråvær inntil 16 dagar) i dagsverk år:**

Korttidsfråværet var på 5 334 tapte dagsverk. Dette er høgare enn i 2019, der korttidsfråværet var på om lag 4 560 tapte dagsverk. Figuren under syner utviklinga.

**Langtidsfråvær (fråvær over 16 dagar) i dagsverk år:**

Bømlo kommune hadde 9 644 tapte dagsverk i 2020 grunna langtidsjukdom (fråvær over 16 dagar). Dette er ein reduksjon på 686 dagsverk frå 2019 då det var 10 330 tapte dagsverk grunna langtidsfråvær.

**Samanlikningstal fråvær fordelt på sektor og kjønn i prosent av avtalte dagsverk**

|                        | 2018        |               |              | 2019         |               |              | 2020        |               |              |
|------------------------|-------------|---------------|--------------|--------------|---------------|--------------|-------------|---------------|--------------|
|                        | Totalt %    | Eigen-meldt % | Lege-meldt % | Totalt %     | Eigen-meldt % | Lege-meldt % | Totalt %    | Eigen-meldt % | Lege-meldt % |
| <b>Samla fråvær</b>    | <b>6,78</b> | <b>1,28</b>   | <b>5,49</b>  | <b>7,70</b>  | <b>1,20</b>   | <b>6,51</b>  | <b>7,53</b> | <b>1,63</b>   | <b>5,90</b>  |
| <b>Kvinner</b>         | 7,13        | 1,31          | 5,82         | 8,00         | 1,19          | 6,81         | 8,29        | 1,70          | 6,58         |
| <b>Menn</b>            | 4,89        | 1,16          | 3,73         | 6,34         | 1,21          | 5,13         | 3,97        | 1,27          | 2,71         |
| <b>Helse og sosial</b> | <b>8,23</b> | <b>1,39</b>   | <b>6,83</b>  | <b>8,98</b>  | <b>1,39</b>   | <b>7,59</b>  | <b>8,66</b> | <b>2,03</b>   | <b>6,63</b>  |
| <b>Kvinner</b>         | 8,48        | 1,42          | 7,06         | 9,20         | 1,39          | 7,81         | 9,08        | 2,07          | 7,02         |
| <b>Menn</b>            | 5,54        | 1,05          | 4,49         | 6,91         | 1,38          | 5,52         | 4,93        | 1,72          | 3,20         |
| <b>Oppvekst</b>        | <b>5,83</b> | <b>1,16</b>   | <b>6,14</b>  | <b>5,15</b>  | <b>0,99</b>   | <b>4,67</b>  | <b>6,64</b> | <b>1,23</b>   | <b>5,41</b>  |
| <b>Kvinner</b>         | 6,14        | 1,18          | 4,97         | 6,43         | 0,97          | 5,45         | 7,35        | 1,30          | 6,05         |
| <b>Menn</b>            | 4,56        | 1,08          | 3,48         | 4,79         | 1,07          | 3,72         | 2,91        | 0,87          | 2,04         |
| <b>Teknisk</b>         | <b>5,6</b>  | <b>1,34</b>   | <b>4,26</b>  | <b>10,62</b> | <b>1,05</b>   | <b>9,57</b>  | <b>5,80</b> | <b>1,39</b>   | <b>4,51</b>  |
| <b>Kvinner</b>         | 2,56        | 1,34          | 1,22         | 11,00        | 1,17          | 9,83         | 7,49        | 1,46          | 6,02         |
| <b>Menn</b>            | 6,26        | 1,34          | 4,92         | 10,47        | 1,22          | 9,47         | 5,03        | 1,35          | 3,68         |
| <b>Sentral-adm.</b>    | <b>3,63</b> | <b>1,34</b>   | <b>2,28</b>  | <b>6,26</b>  | <b>1,33</b>   | <b>4,93</b>  | <b>6,79</b> | <b>1,53</b>   | <b>5,25</b>  |
| <b>Kvinner</b>         | 4,28        | 1,35          | 2,93         | 8,14         | 1,12          | 7,02         | 8,78        | 1,64          | 7,14         |
| <b>Menn</b>            | 2,57        | 1,33          | 1,24         | 2,93         | 1,71          | 1,22         | 3,20        | 1,35          | 1,86         |

Sjuefråværet vart redusert i 2020 frå 7,7% til 7,5%.

Den største auken i prosentpoeng finn me på oppvekst og sentraladministrasjonen. Det er likevel innan helse, pleie og sosial at det er størst fråvær i antal tapte arbeidsdagar.

**Inkluderande arbeidsliv**

Kommunen har fleire arbeidstakarar som har vanskar med å stå i den stillinga dei i utgangspunktet er tilsette i. Det er ei målsetting at slike saker skal finna si løysing i det daglege arbeidet ute på arbeidsplassane. Oppfølging av sjukmeldte krev kontinuerleg arbeid. Fleire saker er løyst ved å finna anna høveleg arbeid. Tett samarbeid med NAV er viktig for å finna den beste løysinga for kvar enkel tilsett.

Ny IA-avtale mellom partane i arbeidslivet kom på plass i 2018. Avtalen gjeld for perioden 2019-2022. 2019 vart brukt til å få på plass det sentrale verkemiddelapparatet som me starta å ta i bruk i 2020. Den nye IA-avtalen set arbeidsplassen og samarbeid mellom partane der, i sentrum. Det handlar om arbeidsmiljø- og sjukefråværsarbeid, men og om å vera tidleg ute med kartlegging, drøfting og innsats for kompetanseheving.

Bømlo kommune følg dei nasjonale måla i ny IA-avtale;

- ☐ Sjukefråvær; redusera sjukefråværsprosenten med 10 prosent samanlikna med snittet i 2018.
- ☐ Fråfall; redusera fråfall frå arbeidslivet. Ein reduksjon i fråfall blandt yrkesaktive som ikkje har komme tilbake til arbeid etter fråvær.



### Arbeidsmiljø

Bømlo kommune har eigen HMS-plan som gir rammer for HMS-arbeidet i kommunen. Det skal gjennomførast årlege vernerundar ved alle verksemder og medarbeidarundersøking annakvart år for alle tilsette i Bømlo kommune. Bømlo kommune nyttar KS si medarbeidarundersøking 10-FAKTOR. Neste medarbeidarundersøking vil bli utført i 1. kvartal 2022.

Alle tilsette skal ha tilbod om årleg medarbeidersamtale.

For å sikra eit godt samarbeid med verneombod og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidsmiljø og sjukefråvær skal det gjennomførast medråderettmøte i alle verksemder.

Bedriftshelsetenesta vert også nytta i samband med måling av inneklima. Det er halde fagsamlingar for verneomboda.

AMU behandla til saman 27 saker delt på fire møter i 2020.

### Likestilling

Etter likestillingslova §28 har kommunen plikt til å greia ut om likestilling i eiga verksemd.

Arbeidsgjevarar skal gjera greie for:

- a) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda, og
- b) likestillingstiltak som er sett i verk og som er planlagt sett i verk for å fremja lova sitt føremål om likestilling uavhengig av kjønn.

Utgreiingsplikta gjeld for verksemder som i lov er pålagt å utarbeida årsmelding. Desse skal ta utgreiingane inn i verksemda si årsmelding.

Kommunen sin handlingsplan for likestilling har hatt verknad frå 01.01.02. Handlingsplanen er ei rettesnor for likestillingsarbeidet

### Dagsverk

I 2020 var 82% av avtalte dagsverk avtalt utført av kvinner. Tilsvarende tal for 2019 var at 84% av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner.

### Leiarar

I Bømlo kommune var to av seks toppleiarar kvinner pr. 31.12.2020. Av 22 verksemdsleiarar er 19 kvinner og 3 menn. Dette tilsvarar ca 87% kvinner og 13% menn.

### Løn

Gjennomsnittsløn i verksemdsleiargruppa er kr 741 914 mot kr 734 100 i 2020. Dette er ein snittauke på kr 7 814. Mannlege verksemdsleiarar tener i snitt om lag 99,4 % av det kvinnelege verksemdsleiarar tener.

### Seniortiltak

Bømlo kommune sine seniorpolitiske retningslinjer vart innført i 2002. Ordninga er todelt og består av tilretteleggingstilskot frå 62 år til 65 år, samt eit seniortiltak. Tilretteleggingstilskot er eit tilskot som skal nyttast til tilrettelegging på arbeidsplassen. Seniortiltak gjev tilsette kr 4000,- i ekstraløn pr. år frå 62 år til 65 år. Dette tillegget beheld ein fram til ein går av. Avtalane er alternativ til AFP. Pedagogisk personell har eigen sentral seniorordning og er ikkje med i denne omtalen.



## ØKONOMI/FINANS

### HOVUDOVERSIKT

|                                                                         | REKNESKAP       | Budsjett        | Revidert        | Avvik               | REKNESKAP       |
|-------------------------------------------------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------------|-----------------|
|                                                                         | 2020            | B2020           | RB 2020         | Rev.b-Rekn.<br>2020 | 2019            |
| <b>Inntekter- skatt, ramme m.m.</b>                                     |                 |                 |                 |                     |                 |
| Skatt inntekt og eige                                                   | -334 069        | -348 075        | -334 506        | -437                | -332 335        |
| Eigedomsskatt                                                           | -35 731         | -33 561         | -33 561         | 2 170               | -32 572         |
| Rammetilskot: Inntektsutjamning                                         | -22 633         | -20 999         | -20 879         | 1 754               | -29 005         |
| Rammetilskot: Innbyggjar tilskot                                        | -369 428        | -349 387        | -367 604        | 1 824               | -337 626        |
| Rammetilskot: Skjønnskot                                                | -10 145         | -7 100          | -10 145         | 0                   | -8 300          |
| Andre generelle statstilskot                                            | -63 366         | -61 099         | -58 785         | 4 581               | -55 115         |
| <b>SUM inntekter - skatt, ramme m.m.</b>                                | <b>-835 372</b> | <b>-820 221</b> | <b>-825 480</b> | <b>9 892</b>        | <b>-794 953</b> |
| <b>Netto rammer</b>                                                     |                 |                 |                 |                     |                 |
| Netto ramme seksjon 1 sentrale styringsorgan                            | 51 543          | 52 396          | 56 374          | 4 831               | 49 857          |
| Netto ramme seksjon 2 oppvekst og kultur                                | 401 486         | 386 120         | 394 775         | -6 711              | 392 769         |
| Netto ramme seksjon 3 helse, sosial og omsorg                           | 284 933         | 275 459         | 282 830         | -2 103              | 268 647         |
| Netto ramme seksjon 4 tekniske tenester                                 | 58 467          | 53 256          | 60 287          | 1 820               | 53 433          |
| Netto ramme seksjon 5 kyrkje, trdomssamfunn                             | 9 442           | 9 176           | 9 176           | -266                | 8 928           |
| Netto ramme seksjon 7 tilleggsløyving, ufordelte løyvingar, premieavvik | -36 082         | -20 339         | -36 651         | -569                | -21 958         |
| Netto ramme seksjon 8 diverse inntekter/utgifter                        | 358             | 239             | 239             | -119                | 679             |
| <b>Sum netto rammer i seksjonane</b>                                    | <b>770 147</b>  | <b>756 307</b>  | <b>767 030</b>  | <b>-3 117</b>       | <b>752 355</b>  |
| Avskrivningar                                                           | 39 254          | 37 400          | 37 400          | -1 854              | 37 113          |
| <b>Sum før finanspostar inkl. avskrivning</b>                           | <b>-25 971</b>  | <b>-26 514</b>  | <b>-21 050</b>  | <b>4 921</b>        | <b>-5 485</b>   |
| <b>Netto finanspostar ekskl sosiale lån</b>                             | <b>47 766</b>   | <b>47 394</b>   | <b>45 730</b>   | <b>-2 036</b>       | <b>41 313</b>   |
| Motpost avskrivningar                                                   | -39 254         | -37 400         | -37 400         | 1 854               | -37 113         |
| <b>Sum etter finanspostar eksl. avskrivning</b>                         | <b>-17 459</b>  | <b>-16 520</b>  | <b>-12 720</b>  | <b>4 739</b>        | <b>-1 285</b>   |
| Overføring til investeringsrekneskapen                                  | 2 987           | 2 987           | 16 694          | 13 707              | 0               |
| Netto avsett eller bruk av bundne fond                                  | 6 096           | -800            | -1 405          | -7 501              | 0               |
| Netto avsett eller bruk av disposisjonsfond                             | 8 376           | 14 333          | -2 569          | -10 945             | 1 285           |
| <b>Framføring til inndekning i seinare år</b>                           | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>            | <b>0</b>        |


#### Sum inntekter (rammetilskot og skatt m.m.)

Summen av dei frie inntektene, skatt, inntektsutjamning, rammetilskot, eigedomsskatt og andre generelle tilskot frå staten viser eit positivt avvik på 9,9 mill. kr.

**Skatt/inntektsutjamning:** Kommunen opplevde ein stor skattesvikt i 2018. Inntekta gjekk ned frå 318,5 mill. kr til 295,9 mill. kr. I 2019 snudde dette og kommunen fekk ein vekst i skatteinntektene lokalt på 36,5 mill.kr ( 12,3%). I 2020 fekk kommunen ein liten auke i skatteinngangen på 0,5% frå året før. Kommunen sin skatteinngang har no gått opp frå 81% til 88,9% av landsgjennomsnittet. Den samla skatteinngangen til kommunane gjekk ned i 2020 med – 1,5%. Kommunen fekk dermed mindre overført i form av inntektstutjamnande midlar og resultatet vart at kommunen fekk ein nedgang i skatt og inntektsutjamning på - 1,3 %.

Kommunen fekk redusert inntektsutjamninga med 6,4 mill. kr frå 2019, 2,5 mill., kr av denne reduksjonen heng saman med redusert folketal i 2019 i motsetning til vekst i folketalet for landet. I forhold til opphavleg budsjett så fekk kommunen ein svikt i skatteinntekter og inntektsutjamnande tilskot på 12,4 mill. Kr Mykje av dette skuldast Covid-19 pandemien. Budsjettet vart revidert i juni 2020 og budsjetttert sum vart redusert med 13,7 mill. Kr.

Det låge skattenivå som kommunen har i forhold til landsgjennomsnittet, medfører at kommunen har fått redusert sine skatteinntekter og inntektsutjamnande tilskot frå 96,5% av landsgjennomsnittet i åra 2012-2016 til 94,8% no i 2020. I kr er dette eit årleg netto tap av inntekter på omlag 6 mill. kr. Sjå figur under.



**Eigedomsskatt:** Eigedomsskatteinntektene auka med 3,2 mill. kr og ga eit positivt avvik på 2,1 mill. kr. Skattesatsen for bustader i 2020 vart redusert frå 3,7 til 3,5 promille av skattegrunnlaget. 2020 var første året kommunen nytta skatteetaten sitt formuesgrunnlag som skattegrunnlag for bustader. Skattegrunnlaget til fritidsbustader og andre eigedommar vart kontorjustert med 20% frå grunnlaget 2009.

**Rammetilskot:**

Kommunen fekk vesentleg meir inntekter gjennom rammetilskot og skjønsmidlar frå Fylkesmannen (frå 2021 Statsforvaltaren) enn budsjetttert. I forhold til opphavleg budsjett fekk kommunen 24,7 mill. kr meir overført frå staten. Etter budsjettrevisjonen i juni vart meirinntektene på 3,6 mill. kr Dette var i hovudsak overføringar knytt til covid – 19 tiltaka som staten iverksette i 2020.

### Andre generelle statstilskot:

Tabellen under syner kva som ligg i denne posten

| Tilskot (tal i heile 1000 kr)               | Rekneskap      | Total budsjett | Avvik        |
|---------------------------------------------|----------------|----------------|--------------|
| 1. Havbruksfondet                           | -26 521        | -17 100        | 9 421        |
| 2. Rente og avdragskompensasjon             | -1 915         | -2 500         | -585         |
| 3. Tilskot einslege mindreårige flyktningar | -9 911         | -10 513        | -602         |
| 3. Ekstratilskot flyktningar                | -4 688         | -3 500         | 1 188        |
| 3. Integreringstilskot                      | -20 330        | -25 172        | -4 841       |
| <b>Sum generelle statstilskot</b>           | <b>-63 366</b> | <b>-58 785</b> | <b>4 581</b> |

1. Kommunen mottok 26,5 mill. kr frå havbruksfondet. Dette er 9,4 mill. kr meir enn budsjettert. Stortinget vedtok ei endring i fordelinga av inntektene i havbruksfondet i 2020. Dette ga kommunen ei vesentleg mindre overføring frå fondet dette året enn kva kommunen ville ha fått dersom dei gamle reglane hadde blitt vidareført. Av mottekne havbruksinntekter i 2020 er 19,9 mill. kr avsett til fond.

Rente - og avdragskompensasjonen var lågare enn budsjettert. Hovedgrunnen er redusert rentenivå.

2. Kommunen fekk eit negativt avvik på integreringsinntektene for mottak av flyktningar i 2020. Dette skuldast to forhold. Kommunen fekk berre busett 1 person i 2020 som ein fekk tilskot for. Dei 8 andre som vart busette kom seint i desember og vart overført til 2021 kvota. Kommunestyret sitt vedtak var at kommunen kunne busette 30. Som kjent så stoppa busetjing av flyktningar opp grunna covid-19 pandemien. I tillegg vart rekneskapen korrigert for 1,3 mill. kr som gjaldt oppretting av periodiseringsfeil mellom 2019 og 2020, sjå rekneskapen note 2.

### **Netto finanspostar eksklusiv sosiale lån**

| Finans                        | R2020         | Budsjett 2020 | Rev.budsjett 2020 | Avvik rev.budsj/-rekneskap | R2019         |
|-------------------------------|---------------|---------------|-------------------|----------------------------|---------------|
| Renteutgifter lån             | 20 288        | 23 029        | 21 365            | 1 077                      | 21 798        |
| Låneavdrag                    | 31 475        | 29 019        | 29 019            | -2 456                     | 23 948        |
| Renteinntekter                | -1 536        | -2 091        | -2 091            | -575                       | -2 245        |
| Renteinntekter startlån       | -1 873        | -2 431        | -2 431            | -558                       | -1 708        |
| Utbytte                       | -591          | -131          | -131              | 460                        | -484          |
| <b>Renter, utbytte og lån</b> | <b>47 763</b> | <b>47 395</b> | <b>45 730</b>     | <b>-2 033</b>              | <b>39 799</b> |

Netto finanspostar viser eit meirforbruk dette året på 2,0 mill. kr. Renteutgiftene viser mindreutgift på 1,1 mill. kr. Posten vart redusert med 1,7 mill. Kr i revidert budsjett slik at renteutgiftene vart 2,8 mill. kr lågare enn rekna med dette året. Dette skuldast det kraftige rentefallet etter at pandemien kom til landet. Låneavdraget vart 2,5 mill. kr høgare enn rekna med. I 2020 vart det innført nye reglar for berekning av minimums-avdrag. Reglane slo kraftig ut for kommunen og avdragsutgiftene auka med 7,5 mill.kr dette året.

## ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

|                                    | REKNESKAP      | Oppr. budsjett | Rev.budsjett   | Avvik        | REKNESKAP     |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|--------------|---------------|
|                                    | 2020           | 2020           | 2020           | Rev.b-Rekn.  | 2019          |
| Sum Driftsinntekter                | -1 034 769     | -962 551       | -969 466       | 65 303       | -995 943      |
| Sum Driftsutgifter                 | 1 008 856      | 936 048        | 948 466        | -60 390      | 986 148       |
| <b>Brutto Driftsresultat</b>       | <b>-25 913</b> | <b>-26 503</b> | <b>-21 000</b> | <b>4 913</b> | <b>-9 795</b> |
| Sum Eksterne finansinntekter       | -4 058         | -4 704         | -4 704         | -646         | -4 535        |
| Sum Eksterne finansutgifter        | 51 767         | 52 048         | 50 384         | -1 383       | 45 920        |
| Res. Ekst. finanstransaksjonar     | 47 709         | 47 344         | 45 680         | -2 029       | 41 385        |
| Motpost avskrivningar              | -39 254        | -37 400        | -37 400        | 1 854        | -37 113       |
| <b>Netto driftsresultat</b>        | <b>-17 458</b> | <b>-16 559</b> | <b>-12 720</b> | <b>4 738</b> | <b>-5 523</b> |
| Overføring til investering         | 2 987          | 2 987          | 16 694         | 13 707       | 0             |
| Netto avsetninger bundne fond      | 6 096          | -800           | -1 405         | -7 501       | 4 502         |
| Netto avsetninger disposisjonsfond | 8 376          | 14 333         | -2 569         | -10 945      | 10 025        |
| Mindre/meirforbruk                 | 0              | 0              | 0              | 0            | 0             |

Brutto driftsresultat = Driftsinntekter – driftsutgifter inkl. avskrivningar: 25,9 mill. kroner (positivt resultat). Dette er 4,9 mill. kr bedre enn budsjettet.

Netto driftsresultat = Brutto driftsresultat – finanstransaksjonar – avskrivningar: 17,5 mill. kroner (positivt resultat) noko som utgjør 1,7% av driftsinntektene. Resultatet er 4,7 mill. kr bedre enn budsjettet. Resultatet er om lag på måltallet til kommunestyret som er på 1,75%.

Tabellane under gir ein oversikt over avvika der seksjonane står for eit negativt avvik på 7,9 mill. kr. Dette er nærare skildra under seksjonane i årsmeldinga.

| <b>Årets resultat – avvik</b>                                       | <b>Avvik i mill. kroner</b> |
|---------------------------------------------------------------------|-----------------------------|
| <b>Årsresultat:</b>                                                 | <b>0</b>                    |
| <b>Avviksforklaring:</b>                                            |                             |
| Netto resultat Seksjon 1 sentrale styringsorgan                     | 4,8                         |
| Netto resultat Seksjon 2 oppvekst og kultur                         | -6,7                        |
| Netto resultat Seksjon 3 helse og omsorg                            | -2,1                        |
| Netto resultat Seksjon 4 tekniske tenester                          | 1,8                         |
| Netto resultat Seksjon 5 kyrkjelege føremål                         | -0,3                        |
| Netto resultat Seksjon 7 pensjon, premieavvik og ufordelte utgifter | -0,6                        |
| Netto resultat Seksjon 8 finansiering                               | -0,1                        |
| <b>SUM Seksjonane</b>                                               | <b>-3,1</b>                 |
| Skatt på inntekt og eige                                            | -0,4                        |
| Eigedomsskatt                                                       | 2,1                         |
| Ramme og statstilskot                                               | 3,6                         |
| Eksterne finanstransaksjonar (renter/avdrag)                        | -2,0                        |
| Andre generelle statstilskot                                        | 4,6                         |
| Interne finanstransaksjonar (bruk av fond/avsett til fond)          | -4,7                        |
| <b>SUM skatt, rammetilskot og finanstransaksjonar</b>               | <b>3,1</b>                  |
| <b>For lite sett av til disposisjonsfond (havbruksinntektene)</b>   | <b>6,5</b>                  |

## Endring disposisjonsfond - havbruksfondet

Kommunen sitt disposisjonsfond har auka frå 68,1 mill. kr i 2019 til 76,5 mill. kr no. Disposisjonsfondet utgjer 7,4% av brutto driftsinntekter. Dette er framleis under kommunestyret si målsetting som er på 10%. Havbruksfondet utgjer 39,4 mill. kr av disposisjonsfondet. Utviklinga i havbruksfondet går fram av tabellen under.

| Disposisjonsfond - Havbruksfondet                     |               |                              |
|-------------------------------------------------------|---------------|------------------------------|
| Tekst                                                 | Beløp         | Kommentar                    |
| Saldo 01.01.2020                                      | 27 089        |                              |
| Budsjettvedtak 2020                                   | -2 987        | Fiskerihamn                  |
| Budsjettvedtak 2020                                   | -1 439        | Kommuneplan                  |
| K-sak 21/20                                           | -7 757        | Kommunale investeringar 2020 |
| k-sak - revidert budsjett                             | -600          | Tilskot bubilparkering       |
| k-sak - revidert budsjett                             | -2 557        | saldering                    |
| Tilbakeført ikkje nytta ved avslutning av rekneskapen | 7 757         | Overført til 2021            |
| Avsett av havbruksmidlar 2020                         | 19 859        |                              |
| <b>Saldo havbruksmidlar 31.12.2020</b>                | <b>39 365</b> |                              |

I vedtaket om finansiering av investeringar 2020 med 7,757 mill. kr står følgjande: Finansiering av havbruksfond/salsinntekter. Dette betyr at dersom kommunen sel eigedom utover budsjetterte salsinntekter så skal dette tilførast havbruksfondet inntil 7,757 mill. kr.

Som vist ovanfor så vart nettodriftsresultatet for lågt til at alle inntektene frå det statlege havbruksfondet kunne setjast av til kommunen sitt disposisjonsfond havbruk. Det vart sett av 6,5 mill. kr for lite i 2020. Hovudårsaken er svikt i integreringstilskot flyktningar med 3,7 mill. kr og høgare minsteavdrag enn budsjettert med 2,4 mill. kr.

## Investeringar

*Samla investeringar utgjer følgjande:*

| Tall i 1000 kroner                            | Regnskap 2020  | Regulert budsjett 2020 | Opprinnelig budsjett 2020 |
|-----------------------------------------------|----------------|------------------------|---------------------------|
| <b>Investeringsutgifter</b>                   |                |                        |                           |
| Investeringar i varige driftsmidler           | 92 397         | 134 766                | 105 830                   |
| Tilskudd til andres investeringar             | 16 771         | 16 500                 | 5 500                     |
| Investeringar i aksjer og andeler i selskaper | 2 311          | 2 100                  | 2 100                     |
| <b>Sum investeringsutgifter</b>               | <b>111 479</b> | <b>153 366</b>         | <b>113 430</b>            |

Prosjektoversyn går fram av note til kommunerekneskapen sidene 21-22

Kommunen har etterslep på investeringane, noko som mellom anna skuldast covid-19 pandemien i 2020. Det er og nokre prosjekt som har tatt noko lengre tid i planleggingsfasen, dette gjeld omsorgsbustader Svortland, omsorgsbustader/legesenter på Moster. Kommunen ligg og etter på gjennomføringa av tiltaka i trafikksekkingsplanen.

Samla så har kommunestyret i eiga sak vedtatt å overføre investeringsmidlar for 42 mill. kr til 2021.

Utviklinga i finansiering av investeringane ser slik ut:



Eigenkapitalfinansieringa har vore stabil dei siste 4 åra og var siste året på 37,6 % av samla investeringar.

## Arbeidskapital/likviditet

Tabellen under syner utviklinga i arbeidskapitalen i kommunen dei siste 5 åra. Arbeidskapitalen er definert som omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld, og denne fortel korleis utviklinga i likviditeten har vore.

|                                          | 2020          | 2019         | 2018          | 2017          | 2016          |
|------------------------------------------|---------------|--------------|---------------|---------------|---------------|
| <b>Omlaupsmidlar:</b>                    |               |              |               |               |               |
| Endring betalingsmidlar                  | 45 024        | -319         | -18 368       | -13 105       | 48 143        |
| Endring kortsiktige krav                 | -3 149        | -9 701       | 16 018        | 13 452        | 11 600        |
| Endring premieavvik                      | -1 768        | 12 727       | 6 653         | 1 275         | -3 130        |
| <b>Endring omlaupsmidlar</b>             | <b>40 107</b> | <b>2 707</b> | <b>4 303</b>  | <b>1 622</b>  | <b>56 613</b> |
| <b>Kortsiktig gjeld:</b>                 |               |              |               |               |               |
| <b>Endring kortsiktig gjeld</b>          | <b>14 044</b> | <b>-746</b>  | <b>-1 209</b> | <b>-6 856</b> | <b>30 064</b> |
| <b>Endring arbeidskapital (balansen)</b> | <b>26 063</b> | <b>3 453</b> | <b>5 512</b>  | <b>8 478</b>  | <b>26 549</b> |

I oppsettet over endring arbeidskapital er endring av premieavvik teke med. Endringa i premieavviket er ikkje kortsiktig likviditetsoppbygging då denne skal fordelast over 15 år/10 år/7 år. Kommunen sin arbeidskapital har blitt styrka i 2020. Ved årsskiftet er arbeidskapitalen 113,2 mill. kr. inkl. premieavviket, reell likviditet ekskl. premieavvik er 65,2 mill. kr.

Tabellen under syner korleis dei likvide midlane har utvikla seg dei siste åra. Desse er sett opp mot netto kortsiktig gjeld – kortsiktige krav ekskl. premieavviket. Oversynet viser at kontantbeholdninga som kommunen har til disposisjon pr 31.12 har auka med 16,4 mill. kr i 2020.

|                                                                          | 2020           | 2019           | 2018          | 2017           | 2016           |
|--------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|---------------|----------------|----------------|
| Bankinnskott                                                             | 118 694        | 73 671         | 73 990        | 92 357         | 105 462        |
| Skattetrekksmidlar                                                       | 19 231         | 18 828         | 17 660        | 17 737         | 16 454         |
| <b>Disponible bankinnskott</b>                                           | <b>99 463</b>  | <b>54 843</b>  | <b>56 330</b> | <b>74 620</b>  | <b>89 008</b>  |
| Ubrukte lånemidlar                                                       | 12 303         | 839            | 2 579         | 18 999         | 13 189         |
| <b>Kjernelikviditet</b>                                                  | <b>87 160</b>  | <b>54 004</b>  | <b>53 751</b> | <b>55 621</b>  | <b>75 819</b>  |
| <b>Kortsiktig krav- premieavvik – kortsiktig gjeld+skattetrekksgjeld</b> | <b>-34 200</b> | <b>-17 410</b> | <b>-9 624</b> | <b>-26 774</b> | <b>-64 818</b> |
| <b>Sum overskotslikviditet</b>                                           | <b>52 960</b>  | <b>36 594</b>  | <b>44 127</b> | <b>28 847</b>  | <b>27 938</b>  |

## Utvikling innlån

Tabellen under viser utviklinga i netto rentebærande gjeld for kommunen.

|                                             | 2020    | 2019    | 2018    | 2017    | 2016    |
|---------------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Samla brutto gjeld                          | 974 658 | 902 778 | 860 574 | 823 945 | 737 252 |
| Utlån til andre                             | 106 903 | 84 726  | 77 016  | 70 985  | 74 586  |
| Lån med rente og avdragskompensasjon        | 68 539  | 73 896  | 78 099  | 81 854  | 72 283  |
| Netto lånegjeld                             | 799 216 | 744 156 | 705 459 | 671 106 | 590 383 |
| Netto lånegjeld i % av brutto dr. inntekter | 77,2    | 74,7    | 71,6    | 72,8    | 66,1    |

Netto rentebærande gjeld utgjorde ved årsskiftet 77,2% av brutto driftsinntekter. Dette er ein auke frå 2019 på 2,5 prosentpoeng. Netto rentebærande gjeld er betre enn kommunen sitt måltal som er på 85%.

## Finansrapport 2020 i samsvar med finansreglementet

### Låneporteføljen

Låneporteføljen har eit samla volum på 977 mill. kr ved årsskiftet. Av samla lånevolum utgjør fastrentedelen 58%. Kommunen sine lån er i all hovudsak etablert med lang løpetid. Dette medfører låg refinansieringsrisiko. Gjennomsnittleg porteføljerente siste 12 mnd er 2,07%. Kommunen sitt finansreglement har ikkje vore brote i perioden og dei interne rutineane for etterleving av finansreglementet er følgt. Utviklinga i låneporteføljen i 2020 går fram av tabell under samanhaldt mot finansreglementet.

| Nøkkeltal lånegjeld                                    | Vedtekne  | Pr 01 01       | Pr 30 04 | Pr 31 08 | Pr 31 12 |
|--------------------------------------------------------|-----------|----------------|----------|----------|----------|
| Hovudtal                                               | rammer    | 2020           | 2020     | 2020     | 2020     |
| Brutto lånegjeld (i heile mill. kr)                    |           | 903            | 975      | 993      | 977*     |
| Netto renteutsatt balanse                              |           |                |          |          |          |
| Antall lån                                             |           | 45             | 46       | 47       | 44       |
| Gjennomsnittleg rente i porteføljen siste 12 mnd       |           | 2,42%          | 2,43 %   | 2,30%    | 2,07%    |
| Gjennomsnittleg flytande rente i porteføljen           |           | 2,30 %         | 1,80%    | 1,21%    | 1,0%     |
| <b>Motpartsrisiko</b>                                  |           |                |          |          |          |
| Største långjevar                                      |           | Kommunalbanken |          |          |          |
| Største långjevar sin andel av total gjeld             |           | 73,0%          | 67,4%    | 66,1%    | 65,8 %   |
| Største enkeltlån                                      | 20 %      | 13,8 %         | 13,8 %   | 15,1%    | 15,4%    |
| <b>Renterisiko</b>                                     |           |                |          |          |          |
| Swapvolum (finansielle instrument) (i heile mill.)     |           | 125            | 125      | 75       | 75       |
| Finansielle instrumentar sin andel av total gjeld      |           | 13,8 %         | 12,8 %   | 7,6%     | 7,7%     |
| Andel fast rente over 1 år                             | Min 25    | 42 %           | 62 %     | 64%      | 65%      |
| Andel flytande rente                                   | Min 25    | 58%            | 38 %     | 36 %     | 35%      |
| Gjennomsnittleg durasjon                               | Maks 5 år | 1,2            | 1,8      | 1,6      | 1,6      |
| Lengste rentebindingstid i heile år                    | 10        | 5              | 5        | 5        | 4        |
| <b>Refinansieringsrisiko</b>                           |           |                |          |          |          |
| Gjennomsnittleg løpetid                                |           | 8,9            | 9,9      | 9,6      | 9,4      |
| Andel refinansiering innan 12 månader                  | Maks 20%  | 17,3 %         | 0,7 %    | 0,7 %    | 5,7 %    |
| Storleik refinansiering innan 12 månader (heile mill.) |           | 156            | 144      | 144      | 55       |



### Samansetjing av låneporteføljen

Samla langsiktig lånevolum ved årsskiftet var 977 millionar kroner, ein auke på 74 mill. kr frå 2019. Långjevarar er:

| Långjevar       | 2020 | 2019 | Andel 2019 |
|-----------------|------|------|------------|
| Kommunalbanken  | 642  | 664  | 0,66       |
| KLP             | 221  | 140  | 0,22       |
| Husbanken       | 114  | 99   | 0,12       |
| (tal i mill kr) | 977  | 903  | 1,00       |

### Endringar i låneporteføljen/risikoeksponering i 2020

#### Nye langsiktige lån/avdrag

Følgjande låneopptak er gjennomført i 2020(tal i heile 1000 kr):

|                            |    |         |
|----------------------------|----|---------|
| KLP banken                 | kr | 80 391  |
| Husbanken                  | kr | 30 000  |
| <u>Sum låneopptak 2020</u> | kr | 110 391 |

Låneopptaka er tatt opp i samsvar med vedteke budsjett for 2020 samt tilleggslån på 10 mill. kr i Husbanken etter vedtak i revidert budsjett. Lån i KLP banken er tatt opp som lån med fast rente i 3 år. Rentevilkåra er 2,1%. Husbanklånet er tatt opp til flytande rente til husbanklånvilkår med løpetid 20 år.

Det er betalt avdrag på følgjande lån: (tal i heile 1000 kr)

|                    |    |        |
|--------------------|----|--------|
| Kommunalbanken lån | kr | 20 988 |
| Husbanken (samla)  | kr | 15 068 |


Det er i tillegg avsett kr 2 456 som vart betalt i 2021.

### Refinansiering/ending i risikoeksponeringa

Rentebytteavtale på 50 mill. kr gjekk ut 16.06.2020. Renta på denne var fastrente 3,645% i bytte mot flytande 3 mnd. Nibor. Rentevilkåra etter 17.06.2020 er 3 mnd nibor + 0,60%. Kommunen refinansierte eit fastrente-lån på 100 mill. kr og eit halvtårs sertifikatlån på 56,582 mill. kr 18.03.2020. 6,582 mill kr vart nedbetalt og 150 mil. kr vart refinansiert med 5 års bindingstid. Lånet har rentebinding i 5 år fram til 10.02.2025. Renta på det nye lånet er 1,73%.

### Finansiell risiko i låneporteføljen


Diagramma nedanfor viser fordeling av kapitalbinding og rentebinding per rullerande år.



Kapitalbinding gir eit bilde av den samla porteføljen sin gjeldsstruktur (berre kapitalen, ikkje rentene). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot same lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.

Ein stor andel kort kapitalbinding indikerer at store deler av porteføljen snart kjem til forfall og må refinansierast eller innløysast innan kort tid. 5,7% av låneporteføljen kjem til forfall i 2021, 55 mill. kr må refinansierast dette året. Risikoen vert vurdert som handterbar.

Rentebinding gir eit bilete av den samla porteføljen sin rentestruktur (berre rentene, ikke gjelda). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot same lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.



Lån med flytande rente har rentebinding mindre enn 1 år. Ein stor andel kort rentebinding eksponerer portefølja for endringar i rentemarknaden.

Gjeldsporteføljen sin gjennomsnittlege kapitalbinding er 9,4 år og den gjennomsnittlege rentebindinga er 1,2 år. I porteføljen har 5,7% ein kapitalbinding på 1 år eller mindre, og 58% har ein rentebinding på 1 år eller mindre. Utan derivater hadde 66,4% av porteføljen hatt ei rentebinding på 1 år eller kortare.

Gjennomsnittleg durasjon (lengd) i låneporteføljen er 1,2 år (Finansreglementet sitt krav innanfor 0 -5 år)


### Strategi for rentesikringar

Bruken av rentesikring er heimla i kommunen sitt finansreglement. Kommunen har tidlegare nytta rentesikringar (rente-swappar) for å skape føreseieleg og stabile renteutgifter. All etablering av rentesikring skjer i samsvar med intern strategi for innlån og rentesikring. Hovudføresetnaden er at alle rentesikringar skjer med lang tidshorisont og at dei vil bli haldne til forfall (som anleggsmiddel).

### Fastrente

Figuren under syner kommunen sine fastrenter og forfall på desse.

Kommunen har lån med 460 mill kr i der renta er bunden inkl derivat på 75 mill. Fleire av desse låna kjem til forfall i næraste framtid.



### Verdi på låneporteføljen og rentesikringar

Alle låna (utanom husbanklån) som har flytande rente har renteregulering kvar 3. månad på IMM dato (3. onsdag i månadane mars, juni, september og desember) Marknadsskursen på desse låna vil difor i all hovudsak vere omkring pålydande verdi.

Når det gjeld fastrenteposisjonane (renteswappar) var dei verdt null ved avtaleinngåinga. Marknadsverdien av fastrenteposisjonane vil etter avtaleinngåinga svinge i takt med marknadsutviklinga for tilsvarende rentebindingar. Ved utløp av bindingsperioden vil marknadsverdien igjen vere null. Beregningar ved siste årsskifte syner at marknadsverdien av løpande fastrenter er negative med 1,2 mill. kr. (overkurs). Dette skuldast at fastrentenivåa har falt betydeleg sidan avtaleinngåinga:

Ved utløp av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil marknadsverdien være lik pålydande ("volum").

**Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet**

Ingen reglar i finansreglementet er brotne og det har ikkje vore avvik frå dette i 2020

**Vurdering og handtering av finansiell risiko**

Kommunen vurderer jamnleg den finansielle risikoen. Det gjennomførast også slik vurdering i forkant av alle porteføljetilpassingar (ved etablering av rentesikringar) og låneopptak. Den finansielle risiko, som består av fleire element, vert gjennomgått. Kommunen har etablert rutinar for å gå gjennom kvart av elementa under finansiell risiko. Vurdering av elementa er gjennomført og vurderinga er arkivert. Den finansielle risikoen blir vurdert å være tilfredsstillande, ønska og innanfor rammene i det vedtekne finansreglementet, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldande lov.

**Renterisiko - Stresstest**

Det vert utført ein såkalla stresstest på låneporteføljen ved å simulere ein parallell **renteoppgang på 1 prosentpoeng** over heile rentekurven. Føremålet med stresstesten er å måle effekten av eit forhandsdefinert marknadssjokk. Ein renteoppgang vil føre til auka rentekostnader og positiv kursendring på fastrenteposisjonane (fastrentene vil framstå som gunstigare etter ein renteoppgang).

| Periode | Rentekostnad | Rentekostnad +1 % | Andel auke     |
|---------|--------------|-------------------|----------------|
|         | 1000 kr      |                   | renterisiko 1% |
| 2020    | 20 211       | 20 211            | 0              |
| 2021    | 16 630       | 19 771            | 3 141          |
| 2022    | 16 430       | 22 702            | 6 273          |
| 2023    | 18 947       | 26 955            | 8 008          |
| 2024    | 20 810       | 30 364            | 9 554          |

**Likviditet**

Kommunen si kortsiktige likviditetsbeholdning var litt høgare pr 31.12 i 2020 enn i 2019. Likvide midlar har vore plassert i bank i 2020.

I tabellen under er det korrigert for unytta lånemidlar, då desse skal brukast til investeringar og ikkje drift.


|                                        | 2020          | 2019          | 2018          |
|----------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Likvide midlar ekskl skattetrekk 31.12 | 99 463        | 54 809        | 53 686        |
| Unytta lånemidlar                      | -12 303       | -839          | - 2 580       |
| Likvide midlar til disposisjon         | <b>87 160</b> | <b>53 970</b> | <b>51 106</b> |

## Nøkkeltal - rekneskapsanalyse

Nedanfor er utviklinga i ein del sentrale nøkkeltal presentert og kommentert. Dette er nøkkeltal som fortel korleis den økonomiske situasjonen har utvikla seg, og korleis resultatet i 2020 verkar inn på kommunen sin økonomiske handlefridom. Som det går fram av nøkkeltala så har kommunen betra si økonomiske stode i dei siste åra.


Kommunen hadde eit netto driftsresultat på 1,7%. Kommunen si økonomiske stode er betra dei siste åra. Kommunen sin likviditet har betra seg dei siste åra. Likviditet og kommunen sine frie fondsavsetningar er fortsatt for små til å møte uføresette hendingar i eit driftsår. Dette heng saman med at kommunen sitt premieavvik utgjør ein stor del av dei frie disponible midlane.

### Utvikling brutto driftsresultat 2014– 2020




Brutto driftsresultat fortel noko om korleis drifta av kommunen eksklusiv finanspostar har gått. Avskrivningar er teke med i dette resultatelementet. Kommunen fekk eit positivt brutto driftsresultat på 25,9 mill. kroner, mot eit positivt brutto driftsresultat i 2019 på 9,8 mill. kroner. Havbruksinntektene bidrog med 26,5 mill. kr til resultatet mot 6,5 mill. kr i fjor. Opphavleg budsjettert brutto driftsresultat var på 26,5 mill. kroner i 2020, revidert brutto driftsresultat var på 21,0 mill. kroner.

### Utvikling netto driftsresultat 2014-2020



Netto driftsresultat seier noko om korleis drifta av kommunen har gått. Finanstransaksjonane inklusiv avskrivningar var på netto -8,4 mill. kroner. Kommunen fekk såleis eit netto driftsresultat på 17,5 mill. kroner. I 2019 var netto driftsresultat 5,5 mill. kroner. Netto premieavvik inkl. amortisering av tidlegare års avvik er utgiftsført med 1,8 mill. kr i 2020 mot ei inntektsføring på 12,7 mill. kr i 2019.

#### Netto driftsresultat i % av driftsinntektene 2014-2020




Teknisk berekningsutval tilrår at netto driftsresultatet målt mot sum driftsinntekter bør utgjera 1,75% over tid for at ein kommune skal ha ein sunn økonomi. Kommunen nådde ikkje målet i 2020. Kommunen oppnådde eit resultat på 1,69%, mykje takka vere inntekter frå havbruksfondet.

#### Utvikling i skatteinntekter og rammeoverføringer 2014–2020



Dei frie inntektene, dvs. inntektsskatt, eigedomsskatt, inntektsutjamning og andre rammetilskot har ein reell auke i 2020. Nominell auke er på 4,3%, kommunal deflator (prisvekst) var på 1,7%. 2020 var eit spesielt år med stor svikt i skatteinntektene og med tilføring av kompensasjon over rammetilskotet for auka utgifter i samband med covid-19 pandemien. Inntektsveksten vart difor høgare enn berekna i budsjettet samla sett. Dette grunna auka utgifter knytt til pandemien.

### Utvikling i brutto driftsutgifter (inkl. løn)




Brutto driftsutgifter i 2020 utgjorde 1 009 mill. kroner. Dette var ein auke på 2,4% i høve til 2019 og utgjør 23,7 mill. kroner som fordeler seg slik:

|                                |           |
|--------------------------------|-----------|
| Lønsutgifter, sosiale utgifter | 0,3 mill  |
| Kjøp av varer og tenester      | 15,4 mill |
| Overføringer:                  | 0,8 mill  |
| Avskrivningar:                 | 2,1 mill  |

Den sterke veksten i kjøp av varer og tenester heng saman med pandemien og er mellom anna knytt til kjøp av smittevernutstyr og ekstra tilskot til barnehagane.


### Utvikling av netto rente- og avdragskostnader i % av driftsinntekter



Netto rente- og avdragsutgifter auka med 6,3 mill. kroner i høve til 2019 og utgjorde til saman 47,7 mill. kroner. Netto rente- og avdragsutgifter utgjorde 4,6% av driftsinntektene i 2020 mot 4,2% i 2019. Hovedgrunnen til auken er omlegging av reglane for berekning av minimumsavdrag og krav til betaling av årlege avdrag. Renteutgiftene gjekk ned i fjor.




### Utvikling lånegjeld i % av driftsinntektene




Pr. 31.12.20 utgjorde brutto kommunal lånegjeld 94,2% av driftsinntektene. I denne andelen er ikkje gjelda i dei kommunale selskapa teke med.

### Utvikling brutto langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikting)




Lånegjelda ved årsskiftet var 974 mill. kr. Gjelda har auka med 8% frå 2019.

I tillegg til kommunekassa si gjeld så har aksjeselskapa til kommunen ei relativt stor gjeld. Samla gjeld ved årsskiftet for kommune og selskap utgjorde 1,39 MRD kr.


**Brutto investeringar i % av driftsinntektene**


Kommunen har dei siste åra hatt høge investeringskostnader, men har vore noko lågare dei 3 siste åra. Dei største investeringane i 2020 var Svortland skule tilbygg, Meling skule tilbygg, ferdigstilling av nytt bibliotek, overføring til investeringar i regi kyrkjeleg fellesråd. Kommunen overtok veganlegg i bustadfelt for 13,6 mill. kr. Dette vart overdrege til kommunen vederlagsfritt mot inngåing av justeringsavtale.


**Utvikling av disposisjonsfond i % av driftsinntektene**


Kommunen sitt disposisjonsfond, var tilnærma 0 i 2014 men utgjør kr 76,5 mill. kr i 2020. I % av omsetnaden utgjør dette 7,4% mot landsgjennomsnittet på 10,9%. Disposisjonsfondet er framleis større enn premieavviket. Forskjellen utgjør 28,5 mill. kr. eller 2,8% av omsetnaden. Kommunen er difor betre rusta til å møte svingingar i økonomien. Sjå elles grafen under.

### Utvikling fond – premieavvik



### Arbeidskapitalen



Kommunen har styrka arbeidskapitalen slik at den no utgjør over 10% av samla driftsinntekter.

**Utvikling av den totale egenkapitalen (inkl. kapitalkonto)**


Etter fleire år med negativ egenkapital har kommunen sin egenkapital blitt styrka dei siste 5 åra

**Folketalsutvikling i Bømlo kommune 2015-2020**

|                                            | 2015          | 2016          | 2017          | 2018          | 2019          | 2020          |
|--------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| <b>Folketalet 1. januar</b>                | 11761         | 11778         | 11806         | 11902         | 11960         | 11957         |
| Fødde                                      | 127           | 136           | 122           | 110           | 119           | 117           |
| Døde                                       | 99            | 84            | 79            | 108           | 96            | 75            |
| Fødselsoverskot                            | 28            | 52            | 43            | 2             | 23            | 42            |
| Innflytting                                | 436           | 440           | 420           | 396           | 327           | 362           |
| Utflytting                                 | 454           | 463           | 369           | 339           | 357           | 403           |
| - herav innflytting frå utlandet           | 139           | 148           | 90            | 81            | 93            | 38            |
| - herav utflytting til utlandet            | 49            | 61            | 51            | 20            | 49            | 29            |
| Netto tilflytting inkl. inn- og utvandring | -18           | -23           | 51            | 57            | -30           | -41           |
| Forsinking i meldinger- inkl. i tilvekst   | 7             | -1            | 2             | -1            | 4             | -5            |
| Folketilvekst                              | 17            | 28            | 96            | 58            | -3            | -4            |
| <b>Folketalet 31.12.</b>                   | <b>11 778</b> | <b>11 806</b> | <b>11 902</b> | <b>11 960</b> | <b>11 957</b> | <b>11 957</b> |

Tabellen viser at Bømlo kommune i 2020 hadde fødselsoverskot på 42. Det døydde 75 personar i 2020, dette er det lågaste talet sidan 2006. Hovudårsaken til at folketalet ikkje har auka er svært låg innflytting frå utlandet, berre 38. Gjennomsnittleg innflytting frå utlandet i perioden 2010-2019 var på 133 pr år.

## Premieavvik/tilleggsøyving/ikkje fordelte postar

### Økonomisk resultat

|                              | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik |
|------------------------------|----------------|---------------|-------|
| PREMIEAVVIK, PENSJON         | -31 614        | -32 451       | -837  |
| ÅRETS LØNSOPPGJER - AVSETNAD | 0              | -1 000        | 1 000 |
| ANDRE TILLEGGSLØYVINGAR      | -4 468         | -5 200        | -732  |
|                              | -36 082        | -36 650       | -569  |

### Tenester/oppgåver:


Kommunen sine pensjonsutgifter vart vesentleg lågare grunna redusert lønnsvekst samt endring av pensjonssystemet enn det kommunen rekna med. Pensjonskostnaden inkl. amortisering av tidlegare års premieavvik vart noko høgare enn det kommunen rekna med ved handsaminga av revidert budsjett der budsjettposten vart auka med 1,75 mill. kr Avviket utgjer kr 837 000.

**Andre tilleggsøyvingar:** Redusert arbeidsgjevaravgift med 4% poeng i 3 termin er ført her med 4,46 mill. kr. Vidare vart kompenserte utgifter knytt eigenmeldingsdagar utover dei 3 første budsjetttert her. Inntektene vart ført på verksemdene.

Innsparing på lønnsoppgjøret vart på 1 mill. kr.

### Premieavvik

Kommunen har pr 31.12 opparbeida seg eit premieavvik på 48 mill. kr. Dette er ein reduksjon frå 2019 på 1,8 mill. kr. Premieavviket skal utgiftsførast kvart år fram til og med 2026. Premieavviket utgjer 4,6% av driftsinntektene.



## SENTRALE STYRINGSORGAN

### Innleiing

Området omfattar politiske styringsorgan, politisk sekretariat, fellessekretariat og kundetorg, fellesutgifter, kommunedirektør med kommunedirektøren sitt team, forvaltning inkludert IKT og personal, økonomi, rekneskap og skatteoppkrevjaren (fram til 01.11.2020), næring, fag og støtte og tillitsvalde – verneombod.

### Økonomisk resultat 2020

|                          | Rekneskap<br>2020 | Revidert budsj.<br>2020 | Opphav.<br>budsj. 2020 | Rekneskap<br>2019 | Avvik 2020 |
|--------------------------|-------------------|-------------------------|------------------------|-------------------|------------|
| 1 Sentrale styringsorgan | 54 786*           | 56 286                  | 52 396                 | 49 857            | 1 500      |

\*inkluderer netto avsetning til bundne fond av næringstilskot frå staten 2,2 mill. kr samt 1,1 mill. kr i vedlikehaldstilskot til Moster Amfi AS

Sentrale styringsorgan hadde eit mindreforbruk i 2020 på 1,5 mill. kr. 0,5 mill. kr av dette var knytt til politisk verksemd.

### Politiske styringsorgan

Politiske styringsorgan har 1,2 årsverk med fast årleg godtgjersle (ordfører og varaordfører). I tillegg kjem godtgjersle til representantane i kommunestyret, formannskapet og utvala, samt driftskostnader. Kontrollutvalet og revisjon høyrer også innunder dette ansvaret. I 2020 har kommunestyret behandla 153 saker fordelt på 8 møter. Formannskapet behandla 95 saker fordelt på 9 møte.

### Kommunal leiing

Leiinga i kommunen bestod i 2020 av kommunedirektør, kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett, og kommunalsjef helse, sosial og omsorg, økonomisjef og personalsjef. Sentrale oppgåver for leiinga er:

- Overordna strategisk leiing av Bømlo kommune
- Hovudansvar for saksførebuing til politiske utval og kommunestyre
- Hovudansvar for iverksetjing av politiske vedtak
- Hovudansvar for utarbeiding av budsjett og velferdsplan
- Hovudansvar for økonomisk oppfølging og resultatrapportering
- Hovudansvar for oppfølging og gjennomføring av avtalen om Inkluderande Arbeidsliv
- Hovudansvar for kommunal beredskap og kriseleiing

### Internkontroll - kvalitetsarbeid

Kapittel 25 i kommunelova handlar om Internkontroll.

*«§ 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen*

*Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.*

*Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.*

*Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren*

*a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*

*b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer*

*c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*

*d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*

*e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.»*

Bømlo kommune har eit kvalitetsstyringssystem som er eit godt og nyttig hjelpemiddel når det gjeld kvalitetsarbeidet og internkontroll i kommunen, og som også er medverkande til at kommunedirektøren skal kunna oppfylle krava nedfelt i KommuneLOVA § 25-1. Kvalitetsarbeid og internkontroll er ein kontinuerleg prosess, og må derfor bli jobba systematisk med og ha kontinuerleg fokus i alle ledd i organisasjonen.

Kvalitetsstyringssystemet er det einaste (fag)systemet alle tilsette i kommunen har tilgang til. Kvalitetsstyringssystemet er rollestyrt, noko som gir ulike funksjonar (rollar) ulik tilgang, og er tilpassa funksjonen sitt ansvarsområde. Bruk av roller gjer at systemet er person-uavhengig.

Kvalitetsstyringssystemet består av fleire modular, m.a. dokumentbibliotek, ein årshjulmodul, avviksmodul for å melda avvik og forslagskasse for forbettringsforslag.

I dokumentbiblioteket ligg kommunen sine styrande dokument, og det er ein løpande prosess å vurdere behov for nye dokument, jf. § 25-1 i kommuneLOVA. Med unnatak av dokument som er vedtekne for ein lengre tidsperiode, skal dokumenta gjennomgåast årleg, og dokumenta skal anten reviderast eller re-godkjennast som dei er.

Ny versjon av kvalitetsstyringssystemet skulle vore tatt i bruk våren 2020, men grunna korona-pandemien måtte den nye versjonen bli sett på vent. Også kvalitetshandboka, som skulle reviderast ferdig i 2020, har måtte bli sett på vent, og det er heller ikkje gjennomført møte i kvalitetsutvalet og i kvalitetsgruppene det siste året.

### **Avvik**

Bømlo kommune sin definisjon av avvik er følgjande:

*«Uønskta hendingar og/eller brot på kvalitetskrav, sett i forhold til gjeldande lover, forskrifter, styrande dokument (som t.d. prosedyrar eller rutinar)»*

I kommuneLOVA § 25-1 c er det skildra at kommunedirektøren skal «avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik». Derfor er det viktig at alle tilsette vert oppmoda om å melda avvik, og terskelen skal vera låg for å senda avviksmelding. Det vert laga avviksstatistikkar som blir drøfta i kommunedirektøren si leiargruppe, kommunalsjefane sine leiargrupper og i arbeidsmiljøutvalet (AMU). AMU får informasjon om HMS avvik, som er hendingar og situasjonar knytt til helse, miljøet og tryggleiken til dei tilsette, og hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, t.d. skade på tilsett. Avvik er på agendaen også i medraderettsmøte.

I opplæring vert det vektlagt at det i ArbeidsmiljøvernLOVA §§ 2-3 og 2-4 m.a. står at alle tilsette har medverknadsplikt og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen, samt at avvik er viktige i arbeidet med kontinuerleg forbettringsarbeid i organisasjonen.

I 2020 har avviksmengda gått ned. Ëin grunn til dette er å anta har årsak i korona-pandemien med tilhøyrande ressurs- og tidsmessige utfordringar.

Eit avvik kan ha fleire kategoriar, slik at totalsummen ikkje vil vera summen av dei ymse kategoriane.

I det følgjande vert det lista mengd avvik i 2020 samanlikna med dei to føregåande åra.

<sup>1</sup> HSO = Seksjonen helse, sosial og omsorg. <sup>2</sup> OKI = Seksjonen oppvekst, kultur og idrett. <sup>3</sup> SSO = Sentrale styringsorgan (rådmannens rådgjevarar, avdelingane IKT, fellessekretariat, personal og økonomi). <sup>4</sup> TEK = Teknisk avdeling inkl. teknisk drift, og i tillegg Brann og redning. <sup>5</sup> BK = Bømlo kommune

| Total avviksmengd og fordeling hovudkategoriar          |                  |            |            |                  |            |            |                  |           |           |                  |           |           |                       |             |            |
|---------------------------------------------------------|------------------|------------|------------|------------------|------------|------------|------------------|-----------|-----------|------------------|-----------|-----------|-----------------------|-------------|------------|
|                                                         | HSO <sup>1</sup> |            |            | OKI <sup>2</sup> |            |            | SSO <sup>3</sup> |           |           | TEK <sup>4</sup> |           |           | BK <sup>5</sup> samla |             |            |
|                                                         | 2018             | 2019       | 2020       | 2018             | 2019       | 2020       | 2018             | 2019      | 2020      | 2018             | 2019      | 2020      | 2018                  | 2019        | 2020       |
| <b>Totalt melde avvik</b>                               | <b>721</b>       | <b>580</b> | <b>521</b> | <b>255</b>       | <b>402</b> | <b>318</b> | <b>12</b>        | <b>12</b> | <b>13</b> | <b>14</b>        | <b>22</b> | <b>14</b> | <b>1004</b>           | <b>1017</b> | <b>869</b> |
| hovudkategori HMS <sup>6</sup>                          | 277              | 214        | 193        | 88               | 204        | 154        | 7                | 9         | 8         | 10               | 16        | 12        | 383                   | 443         | 368        |
| hovudkategori organisasjon/internt <sup>7</sup>         | 105              | 75         | 102        | 47               | 43         | 38         | 5                | 2         | 4         | 5                | 9         | 6         | 162                   | 129         | 150        |
| hovudkategori teneste/brukar <sup>8</sup>               | 471              | 400        | 338        | 164              | 250        | 214        | 3                | 1         | 2         | 0                | 6         | 2         | 639                   | 657         | 556        |
| hovudkategori eksterne samarbeidspartnarar <sup>9</sup> | 18               | 15         | 17         | 2                | 2          | 0          | 0                | 0         | 1         | 0                | 0         | 0         | 20                    | 18          | 18         |

<sup>6</sup> Hovudkategori *HMS* er kategorien for hendingar og situasjonar knytt til helse, miljøet eller tryggleiken til dei tilsette. Vidare også hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, døme; skade på utstyr, miljøutslepp, skade på tilsett.

<sup>7</sup> Hovudkategori *organisasjon/internt*: Hendingar og situasjonar knytt til interne forhold på arbeidsplassen. Dette vere seg samarbeid, organisering, avtalar osv.

<sup>8</sup> Hovudkategori *teneste / brukar*: Hendingar og situasjonar som vedkjem tenestemottakarar. Eksempelvis elevlar, pasientar og liknande.

<sup>9</sup> Hovudkategori *eksterne samarbeidspartnarar*: Eksterne samarbeidspartnarar som kommunen har samhandlingsavtale med som t.d. Helse Fonna HF, Sunnhordland Interkommunale Legevakt IKS.

Innan seksjonen HSO har det i 2020 vore større prosentvis nedgang (ca. 26% nedgang) i melde avvik samanlikna med kommunen totalt, medan i seksjonen OKI har noko mindre prosentvis nedgang (ca. 11%) samanlikna med kommunen totalt.

I hovudkategori *HMS* er nedgangen på 75 melde avvik i 2020 samanlikna med 2019 og i hovudkategori *teneste/brukar* er nedgangen på 101 avvik, medan for hovudkategori *organisasjon/internt* har det vore ei auke med 21 fleire avvik i 2020 samanlikna med 2019 – og dette til tross for at total avviksmengd har gått ned.

Når 2020 vert samanlikna med 2019 så er det innan seksjonen HSO størst nedgang i melde avvik i hovudkategori *teneste/brukar* (62 avvik), medan det innan seksjonen OKI var størst ned i hovudkategori *HMS* (50 avvik). I hovudkategori *organisasjon/internt* har det i seksjonen HSO vore auke i tal melde avvik i (27 avvik).

I dei andre seksjonane/avdelingane ligg avviksmengda i 2020 omtrent på same nivå som i 2019.

I hovudkategori *HMS* er det følgjande underkategoriar: *arbeids-miljø*, *nesten-uhell*, *ulukke/skade*, *vald/truslar*, *ytre miljø*, og tabellen under syner avviksmengd i dei ulike kategoriane i åra 2018, 2019 og 2020.



## Beredskap



*Storflaum ved kommunal kai Svortlandssjøen.*

*(Foto: Simon Knutsson Sortland)*

Grunnlaget for kommunal beredskap finn me m.a. i i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelses-tiltak, Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), forskrift om kommunal beredskapsplikt samt veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Det overordna operative beredskapsplanverket, som vart tatt i bruk i 2019, har gjennom 2020 vist seg å vera nyttig og funksjonelt. Også metodikken som ligg til grunn i beredskapsarbeidet har i praksis vore svært nyttig og formålstenleg.

Det har i løpet av 2020 blitt gjort nokre endringar i beredskapsplanverket basert på erfaringar i korona pandemien, og ein heil del dokument relatert til smittevern har vore utarbeidd.

Heilskapleg ROS-analyse vart gjennomført hausten 2019, og etterarbeidet med denne skulle slutførast våren 2020. Noko av etterarbeidet var allereie gjort før korona pandemien kom, medan sluttarbeidet i strategisk leiargruppe måtte utsetjast.

Kommunen har eit system for befolkningsvarsling, der varsel til innbyggjarane kan skje via talemeldingar til fast-telefon og mobiltelefon og/eller sms. I mars 2020 vart dette systemet nytta til sms til alle mobiltelefonar med adresse i Bømlo kommune. Systemet har også vore nytta til gruppemeldingar til t.d. kommunal kriseleiing.

I Sunnhordland er det oppretta samarbeidsorgan når det gjeld beredskap.

- «Underutval beredskap Sunnhordland» (består av kommunelegar, Sunnhordland Interkommunale Legevakt, Helse Fonna Stord, Ambulanse Stord) har jamlege møte. Bømlo kommune har i dette utvalet hatt

presentasjon av kommunen sitt beredskapsplanverk med spesiell vekt på legevakt ved heil / delvis isolasjon av Bømlo, samt varslingsrutinar ved større ulukker. Dette utvalet ønskjer mest mogleg like varslingsrutinar i regionen ved større hendingar. I tillegg har Helse Fonna og kommunane tenesteavtalar seg i mellom, m.a. Tenesteavtale 11: *Samarbeid om vedtekne beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda.*

- Beredskapsforum Sunnhordland (består av kommunelegar, Sunnhordland Interkommunale Legevakt, ambulanse, brann, politi). Forumet har til vanleg jamlege møte, men har måtte avlysa aktivitet i 2020. Ei gruppe var utnemnd til øvingsleiing og godt i gong med å planleggja ei større øving som skulle gjennomførast hausten 2020, men denne øvinga er sett på vent grunna korona pandemien.

### Øvingar



Øving for smittesporingsteamet i Bømlo.

(Foto: Linda Hellen)

Øvingar er viktig i forhold til både å vera kjend med eigne oppgåver i ein beredskapssituasjon, men også for å øva på ymse hendingar som kan skje. Det er utarbeidd øvingsplan for kommunen, slik at kommunedirektøren sikrar at det vert gjennomført øvingar og at desse har ein viss systematikk. Alle øvingar skal ha eit mål og eventuelle delmål, øvinga skal planleggjast for at deltakarane får best mogleg utbytte og det skal gjennomførast evaluering i etterkant for å bringe på det reine kva som fungerte bra / tilfredsstillande og kva som er forbettringspotensiale – samt å lage ei liste over forbetringstiltak. Øvingsrapport etter øving vert lagt i kvalitetsstyringssystemet.

I 2020 har det naturleg nok ikkje vore gjennomført særleg mange øvingar, men t.d. brannøvingar på skular og arbeidsstader har vore gjennomført. I februar vart det gjennomført ei PLIVO (pågåande livstrugande vald) øving for tilsette på ein av skulane i Bømlo. Det har og vore gjennomført øvingar i verktøyet for befolkningsvarslings, Fylkesmannen gjennomførte hausten 2020 ei sambandsøving med bruk av satellittelefon og med Nødnett, samt at det vore gjennomført repetisjonsopplæring i Nødnett for legar i Bømlo. Smittesporingsteamet i Bømlo har gjennomført øving hausten 2020.



## Pandemihandtering 2020



Smittevern-mottaket vart flytta til Samlingsbygget tidleg i pandemien.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

I slutten av januar 2020 kom første melding frå Folkehelseinstituttet om risiko for smittespreiing av eit nytt koronavirus til Noreg. Gjeldande pandemiplan var lite kjent i organisasjonen, og det var planlagt ein revisjonsprosess våren 2020. Kommuneoverlege, i samråd med rådmann, varsla verksemdsleiarar om å kartlegge utfordringsbilete og drøfte trong for kontinuitetsplanlegging i eiga teneste, og melde tilbake til rådmann. Det blei teke kontakt med helseføretak og verksemdar med samfunnskritiske funksjonar. «Pandemi-seminar» var planlagt til 17.03.20.

I januar 2020 hadde Bømlo fleire andre smittetilfelle som ga eit høg forbruk av smittevernutstyr og lite utstyr på lager, og nytt ekstra utstyr var bestilt, med leveringsdato. På same tid inngjekk kommunen avtale med ny leverandør av smittevernutstyr frå 01.03.20. I løpet av februar blei det klart at bestilt utstyr ikkje blei levert, verken frå tidlegare eller ny leverandør. Ved inngongen til mars 2020 var lager av smittevernutstyr kritisk lågt. Det var eit tydeleg ønske frå fleire tenester og nokre brukarar av tenestene, om å bruke verneutstyr ved nærkontakt, utan at det var rom for å gjere det rutinemessig.

01.03.20 kom dei første meldingane om sjuke personar på Bømlo som hadde vore i nord-Italia. På den tida gjekk det både influensa og andre luftvegssjukdommar. Det var etablert laboratorietest for Covid-19, men med svært avgrensa kapasitet og strenge kriterium for kven som kunne bli testa (i praksis dei som skulle leggjast inn på sjukehus og helsepersonell med symptom). Bømlo fekk etter kvart fleire smittetilfelle, også med sjukehusinnlegging, og fleire med ukjent smitteveg. I ettertid er det klart at det var mange fleire smitta enn dei med kjende til.

Forventa utvikling ved ein pandemi er at mange blir sjuke og treng helse- og omsorgstenester, mangel på personale grunna sjukefråvær, og kanskje mange døde. Det blei gjort ei rekke tiltak for å hindre spreiding av viruset til dei mest sårbare:

- Legekontora blei fysisk stengt, med låst dør. Krav om telefonkontakt før time.
- Oppretta koronatelefon ved interkommunal legevakt, via legevaktnummer. Det førte til kollaps på 116 117 og blokkerte tilgang til naudhjelp. Det måtte difor flyttast frå legevakta, og Bømlo etablerte eigen koronatelefon.

- Det blei raskt etablert system for telefonkonsultasjon, videokonsultasjon og e-konsultasjon med fastlege.
- Det blei oppretta eige mottak for personar med luftvegssymptom. Dette blei etablert på rekordtid, med god hjelp frå driftsavdelinga, men måtte flyttast fleire gonger før vi fekk tilfredsstillande lokale med tilstrekkeleg kapasitet i forhold til behov. Legar og sjukepleiarar har utarbeidd prosedyrar og samhandlingsdokument, i samarbeid med kommuneoverlege.
- Dei kommunale tenestene omorganiserte personale i kohortar, for å redusere risiko for smittespreiing og hindre at heile tenester måtte ut i karantene.
- Orientering i politiske utval om situasjonen første veka i mars.
- Kommunal kriseleiing etablert 11.03.20, og oppretta loggføring i tråd med overordna beredskapsplan. Lokale restriksjonar, m.a. avgrensing i tal personar som fekk møtast, blei vedteke 11.03. Det var då planlagt fleire større arrangement med mange tilreisande. 12.03.20 kom dei nasjonale reglane som stengte ned samfunnet.
- Det blei gjort klart for isolasjonsavdeling for Covid-19-sjuka, og utarbeidd rutinar for naudsynt bruk av smittevernutstyr, prosedyrar for handtering av sjuka, og bestilt utstyr for behandling og overvaking av Covid-19-sjuka. Det viste seg å vere store leveringsproblem på medisinsk utstyr som t.d. oksygenkonsentratorar.
- Etter kvart som testkapasiteten ved laboratoria auka, blei testing eit viktig reiskap for å ha kontroll med pandemien. Gjennom sumaren 2020 var bemanningskabal for koronatelefong og testsenter løyst frå veke til veke, men frå veke 34 har det vore fast tilsett og godt kvalifisert personale. Gradvis er det bygd opp ei reservestyrke for rask respons med testing og smittesporing ved positive Covid-19-tilfelle.
- Det er krav om 24/7-tilgjenge til smittevernlege. Frå starten av pandemien og fram til jul 2020 har kommuneoverlegen hatt dette ansvaret aleine. Gjennom våren 2020 handterte kommuneoverlegen intervju med smitta og smittesporing på eiga hand, men utan testing av nærkontaktar, som det då ikkje var høve til. Frå hausten 2020 har det faste personalet og ei beredskapsstyrke stilt seg disponible ved behov, og frå og med jula 2020 er det etablert beredskapsvakt for helgar og høgtidsdagar. Nye smittetilfelle er snøgghjelp-situasjonar som ikkje kan vente til neste kvardag.
- Vi fekk testa beredskapen då vi i perioden 20.12-24.12 hadde 3 parallelle utbrot med Covid-19 på Bømlo. Grunna umedelbar og god innsats med testing, isolering, smittesporing og karantenering (TISK), kombinert med juleferie og lokale tiltak, fekk vi rask kontroll på situasjonen.

### Rådgjeving

I første fasen var mykje av ansvaret for handtering av pandemien lagt på kommunen og kommuneoverlege, og det vart ein flaum av spørsmål frå mange hald til ulike kommunalt tilsette. Etter kvart kom det tydelegare nasjonale føringar, men med stadige endringar. Tilgangen til informasjon på nasjonale nettsider har auka monaleg, men òg blitt vanskelegare å finne fram i. Det har vore stadige endringar i forskrift og rettleiarar, og naudsynt å



Synnøve Sørvik (t.v) og Julie Teige med testutstyr  
(Foto: Inger Tverborgvik)

følgje med på sentrale nettsider og nyhendeoppdateringar tilnærma dagleg. Gjennom heile pandemien har kommuneoverlegen hatt mykje spørsmål frå næringsliv, frivillige organisasjonar, kommunale tenester, tilsette og privatpersonar, og har forsøkt å bidra med informasjon og tolking av til ein kvar tid gjeldande regelverk.

Våren 2020 hadde kommuneoverlege nettmøte kvar eller annakvar veke med representantar for kvart legekontor, luftvegsmottak og sjukeheimslege, for gjensidig oppdatering og analyse av situasjonen. Slike møte har berre vore sporadisk hausten 2020.

Kommuneoverlege/smittevernlege har på førespurnad og eige initiativ gitt råd og vegleiing til leiarar i dei ulike seksjonane i Bømlo kommune individuelt, eller gjennom deltaking i leiarmøte der pandemisituasjonen har vore tema.

### **Kommunal kriseleiing**

Kommuneoverlege/smittevernlege var før smitteutbrotet ikkje fast medlem i Kommunal kriseleiing (KKL). Gjennom 2020 har kommuneoverlege/smittevernlege vore fast medlem og sentral i høve å ivareta det faglege perspektivet i pandemisituasjonen, mellom anna gjennom lokale risikovurderingar. Viktig del av dette har vore å ha kontinuerleg oversikt over stadig skiftande nasjonale krav og retningslinjer, samt å bidra til informasjon om situasjonen både internt og eksternt.

### **Ekstern samhandling.**

Det har vore faste digitale møte mellom smittevernlegar/kommuneoverlegar i kommunar i Stord sjukehus sitt opptaksområde, Sunnhordland interkommunale legevakt og sjukehusleinga ved Stord sjukehus. Møta har sikra informasjonsutveksling, oversikt over den regionale smittesituasjonen, og klare rutinar for samhandling på fagnivå. Det har òg vore vekentlege møter med Statsforvaltaren.

Det har òg vore faste digitale samarbeidsmøte mellom kommuneoverlegane i Helse Fonna-kommunane med erfaringsutveksling og gjensidig fagleg støtte. Kommuneoverlegen og tilsette ved koronatelefonen/luftvegsmottaket har hatt eit tett samarbeid med tilsvarande funksjonar i samarbeidskommunane Stord og Fitjar. Erfaring viser at utbrot ofte kryssar kommunegrenser, og framover vil tiltak i størst mogleg grad bli samordna innan felles bu- og arbeidsregion.

### **Økonomiske konsekvensar av covid- 19**

Pandemien fekk direkte konsekvensar for kommunen sin økonomi. Nedstenginga av samfunnet inkl. Dei kommunale institusjonane påførte kommunen vesentlege tapte driftsinntekter i form av reduserte skatteinntekter, reduserte brukarbetalingar og reduserte salsinntekter/billettinntekter.

Kommunale tenester vart stengd ned, turnusar vart lagt om og restriksjonar som vart innført vart fordyrande for den kommunale drifta. Kommunen stod tilliks med andre kommunar utan tilstrekkeleg smittevernutstyr og ein måtte kjøpe inn der ein fekk tak i dette. Prisane auka kraftig noko som påførte kommunen høgare kostnader. Heimekontor og auka digitalisering vart innført i rekordfart, men dette førte og til auka kostnad for kommunen i form av innkjøp av utstyr og lisensar. Det vart etablert mottakssenter, koronatelefon, smittevernsmottak og teststasjon. Ekstrabemannning vart etablert.

Samstundes sparte kommunen utgifter i form av mindre kurs og reiseverksemd. I tillegg vart det gitt vesentleg lågare lønstillegg dette året.

Statlege mynde kom kjapt på banen og kommunane fekk ulike formar for støtte gjennom fleire tiltakspakkar som vart innført vår/haust 2020.

Under følgjer eit oversyn over økonomiske tiltak til kommunen gjennom dei ulike tiltakspakkane:

| Rammetilskot (tal i heile 1000 kr)                  |               |
|-----------------------------------------------------|---------------|
| Generell kompensasjon for utgifter                  | 8 900         |
| Inntektssvikt SFO                                   | 813           |
| Inntektssvikt barnehage                             | 1 630         |
| Sårbare barn                                        | 328           |
| Forskuttering basisfinansiering allmenlegetjenesten | 156           |
| Kompensasjon redusert inntekts- og formuesskatt     | 1 168         |
| Nysaldert smittekontroll                            | 333           |
| Nysaldert arbeidsledighet                           | 0             |
| Fordeling skjønnsmidler knyttet til Covid-19 i 2020 | 3 045         |
| Sum rammetilskot                                    | <b>16 373</b> |

| Øymerka tilskot                                                                                       |                        |                          |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------|--------------------------|
| Tilskot                                                                                               | Inntekts-<br>ført 2020 | Avsett til bunde<br>fond |
| Digitale læremidler                                                                                   | 129                    |                          |
| Sårbare barn og unge                                                                                  | 357                    |                          |
| Kommunale næringsfond                                                                                 | 2 235                  | 2 235                    |
| Vedlikeholdstilskudd                                                                                  | 5 200                  | 2 892                    |
| Aktivitetstilbod til seniorar som bur heime og bebuarar i omsorgs-<br>bustadar med heldøgns bemanning | 900                    | 893                      |
| Aktivitetstilbod til langtidsbuande ved sjukeheim                                                     | 550                    | 550                      |
| Klimasats                                                                                             | 81                     |                          |
| Sum øymerka tilskot                                                                                   | <b>9 452</b>           | <b>6 570</b>             |

Samla har kommunen motteke 25,3 mill. kr i statleg støtte, av dette skal 2,2 mill. kr delast ut til næringsdrivande og 5,2 mill. kr skal brukast til å kjøpe vedlikehaldstenester av næringslivet. 6,5 mill. kr av dei øymerka midlane er overført til bruk i 2021.

I tillegg til direkte overføringar fekk kommunen tilliks med alle næringsdrivande i kommunen nedsett arbeidsgjevaravgifta i 3 termin med 4% poeng. For kommunen utgjorde dette 4,46 mill. kr.

Kommunen sine ekstrautgifter og tapte inntekter går fram av tabellane under:

| Ekstrautgifter                         |               |
|----------------------------------------|---------------|
| Tekst                                  | Beløp         |
| Sentrale styringsorgan                 | 548           |
| Oppvekst og kultur                     | 2 927         |
| Helse, sosial pleie og omsorg          | 11 419        |
| Tekniske tenester                      | 379           |
| Kyrkja                                 | 40            |
| Legevakt                               | 137           |
| Barnevern                              | 16            |
| Sum Ekstra utgifter 2020               | <b>15 466</b> |
| Refundert arbeidsgjevaravgift 3 termin | -4 467        |
| Sparte utgifter (lønnsoppgjer)         | -7 200        |
| Sparte reiseutlegg                     | -2 056        |
| <b>Netto ekstrautgifter</b>            | <b>1 743</b>  |

| Tapte inntekter                  |               |
|----------------------------------|---------------|
| Skatteinntekter                  | 12 492        |
| Barnehagane                      | 2 546         |
| Andre inntekter oppvekst         | 562           |
| Brukarbetalingar pleie og omsorg | 424           |
| Sum inntektstap                  | <b>16 024</b> |

Kommunen har ikkje fått dekkja sine utgifter/tapte inntekter fullt ut i 2020. Hovudårsaken er kompensasjonen for tapt foreldrebetaling i barnehagane Kommunen fekk 1,63 mill. kr i kompensasjon, barnehagane krov 2,546 mill. kr. I tillegg så har kommunen sitt KF Bømlo kulturhuset tapt store beløp. Dette vert omtalt nærare av selskapet i deira årsmelding og er følgeleg ikkje teke med her.



## Folkehelse

I desember 2020 vedtok kommunestyret frivilligpolitisk plattform for Bømlo kommune 2020-23. Dette markerte slutten på ein prosess med dialog med lag og organisasjonar i Bømlo gjennom det årlege dialogmøtet, ei oppnemnd arbeidsgruppe og formell høyring.

Målet er at det skal vera enkelt å drive frivillig arbeid og vera frivillig i Bømlo. Hovudprinsippet er at frivillige skal vera frie og villige, frivillig arbeid lever av lyst og døyr av tvang. Bømlo kommune skal verdsetja frivillige og frivillige organisasjonar og ta vare på Eldsjelane. Plattformen inneheldt vidare fem prinsipp som blir følgde opp med tiltak i kommunen og i dialog med lag og organisasjonar.

Bømlo kommune har i perioden 2019-22 eit program for folkehelsearbeid retta mot medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge. Målet er at barn og unge er medvitne om eigne ressursar, at dei har verdi og er viktige aktørar i sitt lokalsamfunn, i barnehagen og i skulen. Bremnes ungdomsskule, Meling skule og Maurtua barnehage deltek i prosjektet. I tillegg nyttar vi metode og erfaringar i planprosessar og arbeid i heile Bømlo.



Bømlo kommune har over 300 lag og organisasjonar som har registrert seg i ulike register som frivilligregister, kommunen sin portal og Brønnøysundregisteret. Desse har interesser, engasjement, kompetanse og ressursar som driv det store fleirtalet av det pågåande aktivitetstilbodet med stor variasjon. Kommunen si rolle er å ta på alvor, vera støttespelar og leggja til rette for at alt frivillig arbeid og aktivitet kan fortsetja å utvikla seg vidare og føre til god helsefremjing hos innbyggjarane våre. Den frivilligpolitiske plattformen er utarbeidd i samarbeid med frivillige organisasjonar og vedteke av kommunestyret i Bømlo i desember 2020.

### Mål

Det skal vere enkelt å driva frivillig arbeid og vera frivillig i Bømlo

### Hovudprinsipp:

Frivillige skal vera FRIE og VILLIGE, frivillig arbeid lever av lyst og døyr av tvang  
 Bømlo kommune skal verdsetja frivillige og frivillige organisasjonar og ta vare på Eldsjelane

### Prinsipp:

1. Stønadssordningar skal vera enkle å søkja og rapportera på
2. Informasjon skal vera lett tilgjengeleg og oppdatert
3. Det skal vere enkelt og rimeleg for frivillige å bruka kommunale lokalar
4. Kommune og frivillige kan samarbeida om ulike tilbod og aktivitetar, samstundes som frivilligheita sin eigenart og sjølvstende skal ligge til grunn
5. Det skal stimulerast til tiltak og anlegg, som skapar aktivitet og fungerer som sosial møteplass

Bømlo kommune stiller seg bak Dei ti frivilligpolitiske bud og sluttar seg til Fritidserklæringa som bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettigheter artikkel 31, som seier at alle born har rett til fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv.

(Formannskapsvedtak PS 4/2/2020)

Ved inngangen til 2020 var prosjektgruppene godt i gang med mellom anna gjennomføring av temaveka GODNOK på Bremnes ungdomsskule og folkemøte. Arbeidet vårt i prosjektet byggjer på ABCD-metoden (Asset Based Community Development). Planlagt kurs våren 2020 vart utsett grunna Koronapandemien. Vinteren 2020-2021 gjennomfører me eit tilpassa kursopplegg, med tre kursgrupper og kombinasjon av e-læring, kursdagar med kurshaldar via Zoom der kursgruppa er samla på Bømlo kulturhus og workshops.



## Avvik på budsjettpremissane ikkje gjennomføring av kommunen sine budsjettvedtak

Nytt av året er at kommunedirektøren skal rapportere om manglande oppfylling/avvik på kommunestyret sine budsjettføresegner. Nedanfor finn ein samandrag av dette. Manglande oppfylling av budsjettvedtaket er kjent for kommunestyret og dette vart på nytt vedtek i sak 152/20 budsjettvedtaket punkt 24 for 2021 slik:

*Kommunestyret er kjend med at året 2020 har vore eit krevjande år for kommunen sin administrasjon med både skifte av rådmann/kommunedirektør og Covid 19 pandemi. Kommunestyret vil likevel visa til sitt budsjettvedtak i 2020 der ein manglar tilbakemelding og oppfølging av fleire av dei ulike punkta i vedtaket. Kommunestyret ber derfor om at desse punkta og vert prioritert i 2021.*

- Trafikksikring veg til Rubbestadneset skule
- Sak om bruk av solceller på kommunen sine eigedommar
- Miljøfyrtårn innan 2020
- Alternative driftsmodellar SFO
- Reguleringsplan turveg Storavatnet
- Oppdatering av eigarskapsmeldinga
- Sentrumsutvikling - reguleringsplanar

## Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har tre hovudansvarsområder:

- Rekneskap, lønn, fakturering og innfordring
- Økonomistyring, budsjett og innkjøp
- Skatteoppkrevingen fram til 01.11.20

Samla hadde avdelinga 11 årsverk fram til 01.11.20. 2 årsverk som hadde som hovudoppgåve skatteinnkreving vart overført til staten 01.11.20. Avdelinga fører rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd og Bømlo Kulturhus KF. I tillegg utfører avdelinga faktureringstenester for Stord og Fitjar kommune.

Tyngre innfordring vert utført av Lindorff på vegne av kommunen.

Kommunen deltek i eit interkommunalt innkjøpssamarbeid med kommunane Kvinnherad, Tysnes, Fitjar og Stord. Saman finansierer desse kommunane 1,5 årsverk. I tillegg er Bømlo med i eit interkommunalt samarbeid om e-handel. Dette samarbeidet omfattar 20 kommunar i Sunnhordland, Hardanger og på Haugalandet. Bømlo kommune tok initiativ til dette samarbeidet og e-handelsressursen, som utgjør eit halvt årsverk, er knytt til økonomiavdelinga i kommunen.

Økonomiavdelinga har ansvar for startlånsordninga. Det vart lånt ut for 31,76 mill. kr i 2020.

## Personalavdelinga

Personalavdelinga har 3,5 årsverk. I tillegg administrerer dei lærlingkontraktane. Hovudansvarsområde for personalavdelinga er å gi råd og rettleiing til verksemdene og tilsette i alle spørsmål som er knytt til personalområdet.

I tillegg har avdelinga ansvar for oppfølging i høve lov og avtaleverk og personalsaker på tvers av verksemdene. Sekretærfunksjonen for AMU ligg og til avdelinga. Avdelinga har eit særskilt ansvar for å vedlikehalda og utarbeida internt regelverk og rutinar innafor sitt fagområde.

Bømlo opplæringskontor vart etablert på slutten av 2018. Kommunen si opplæringsavdeling har gått saman med næringslivet sitt opplæringskontor. Det er ved årsskiftet knytt nærare 70 lærlingar til kontoret.

## **IKT - avdelinga**

IKT avdelinga har seks tilsette. IKT-avdelinga er ein intern støttefunksjon med driftsansvar for alt kommunalt IKT-utstyr. 1 årsverk går med til å drifte sak- og arkivsystem for kommunane Fitjar, Haugesund, Stord, Kvinnherad og Tysvær.

## **Fellessekretariat og kundetorg**

Fellessekretariatet er eit støtteapparat for administrasjonen og for politikarane. I tillegg tek dei seg av alkoholløyver og skjenkekontroll. Sekretariatet tar seg av all posthandtering til og frå kommunen. I tillegg legg dei til rette for og har ansvar for utsending av saker til kommunestyret, formannskapet og alle utval. Fellessekretariatet fungerer også som valsekretariat annan kvart år. Det kommunale arkivet ligg innunder dette ansvarsområde.

Kundetorget si oppgåve er å gi dei som oppsøker rådhuset god informasjon og rettleiing for alle ansvarsområde på rådhuset og kommunen elles. Kundetorget er i tillegg kommunen sitt turistkontor. Kundetorget har to arbeidsstasjonar. Forutan kundeverten så er der ein arbeidsplass for teknisk som er bemanna kvar dag. Fellessekretariat/kundetorg har til saman 5,7 årsverk.



Kundetorget og teknisk kundetorg fekk eit andletsløft i 2020.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

## OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT




Lærarane har gjort klasserommet til 2B ved Svortland skule koronaklart.

(Foto: Simon K. Sortland)

### Innleiing

Område 1.2 omfattar kommunale tenester retta spesielt mot barn og unge og utgjør 13 sjølvstendige verksemdar: 9 grunnskular, kulturskule, vaksenopplæring og folkebibliotek. I tillegg kjem barne- og familietenesta som inkluderer skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT, tiltaksteam inkl. sosiale tenester og avlastningstilbod. Kommunen har ingen offentlege barnehagar, men har 8 private barnehagar som i hovudsak vert finansierte av kommunale tilskot. Avdelingane Laurhammer bufellesskap og Bømlo symjehall høyrer også til området for 2020.

Samla utgifter på 400 mill. kr er fordelt slik på dei ulike tenesteområda:



Det økonomiske resultatet for grunnskulane gjekk samla i pluss med 0,2 mill. Einskilde skular hadde meirforbruk knytt til særskilde behov for tilrettelegging som ikkje var kjende då rammetimetalet vart fordelt. Resultatet for barnehage viser eit meirforbruk på nesten 5,5 mill.. Dette skuldast 3,1 mill. høgare utgifter til tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp enn budsjettert, samt at barnehagane har tatt inn fleire barn enn budsjettet la opp til. Ein fleksibel inntaksmodell kombinert med overkapasitet gjer det vanskeleg å berekne inntaket og me har ingen innverknad på storleiken på den nasjonale satsen.

Barnevernet sitt negative avvik på knappe 2 mill. skuldast ein kombinasjon av sterk vekst i tal meldingar og også fleire saker med kostbare tiltak i familiar tilhøyrande på Bømlo. Koronapandemien og auka isolasjon er truleg ein viktig årsak til meldingsauken. Barne- og familietenesta har hatt ekstra utgifter frå starten av pandemien knytt til koronasentral og smittesporing og fekk eit negativt resultat på 1,76 mill.. Ansvarsområdet sosialkontortjenester hadde også negativt avvik på 0,4 mill.. Etter nytt regelverk i tråd med den såkalla «avlastardommen» vart det frå 01.01.2018 nye satsar og avrekning for privat avlastning. Området framstår som underbudsjettert gitt dagens behov.

Bømlo kulturskule fekk eit negativt resultat på 0,3 mill. grunna uføresette lønskostnader. Laurhammer bufellesskap som siste halvdel av 2020 var under avvikling, fekk eit negativt resultat på 0,2 mill.

Bømlo vaksenopplæring gjekk med eit stort overskot på ca. 2,5 mill., hovudsakleg på grunn av færre deltakarar i introduksjonsprogrammet og med det lågare lønsutbetalingar. Avlastningsbustaden og kultur-/barne- og ungdomsarbeid hadde også positive avvik på henholdsvis 0,35 og 0,26 mill., mens biblioteket hadde eit ubetydeleg negativt avvik på 18 tusen.

Som del av budsjettvedtaket for 2020 vedtok kommunestyret fleire verbalpunkt som kommunedirektøren fekk i oppgave å følge opp. På grunn av manglande kapasitet i administrasjonen, både som følge av koronasituasjonen men også vakant rådmanns-/kommunedirektørstilling fram til september, vart følgjande punkt som naturleg høyrer til seksjon 2 ikkje følgt opp:

- ☐ *Tilkomstvegen frå Fv19 gjennom bustadfeltet til barneskulen i Rubbestadneset er svært trafikkfarleg og der det ikkje er lagt til rette for mjuke trafikantar. Kommunestyret bed om ei eiga sak der ulike løysingar*



*for korleis ein kan betra denne situasjonen vert vurdert og der både trafikksikring av dagens veg og/eller alternativ tilkomstveg til skulen vert vurdert.*

- ☐ *Kommunestyret skal setja ned ei arbeidsgruppe som ser på etablering av eit museum/permanent utstilling av materiale frå 2. verdskrigen på Bømlo.*
- ☐ *Kommunestyret ber om eiga sak der alternative modellar for drift av SFO vert vurdert. Ein ber spesielt om at ein ser på moglegheit for om SFO tilbodet kan driftast av barnehagane for på den måten å få meir fleksible opningstider som er tilpassa foreldra sine behov.*

### **Dei første åra**

Bømlo kommune har hatt full barnehagedekning i mange år og andel barn i alderen 0-5 år i barnehage er høgare i Bømlo enn i landet sett under eitt. Barnetalet i barnehagane pr. 15.12.20 var 641, noko som er 37 born færre enn på same tidspunkt i fjor. På dei fire teljetidspunkta i 2020 gjekk i snitt 640 born i barnehage i kommunen. Barnetalet var klårt lågast i august med 599 og høgast i mars med 710.

Barnehagetilbodet skal vere tufta på ei heilskapleg pedagogisk tilnærming til omsorg og læring og respekten for barndomen sin eigenverdi. Både statlege føringar og lokale vurderingar peikar på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som nøklar til eit utdanningssystem som bidreg til sosial utjamning.

Bømlo kommune tek desse utfordringane på alvor og held fram med å jobbe etter samhandlingsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). Målet er å styrke arbeidet med tidleg innsats, involvere foreldre på ein god måte og unngå tenesteavbrot.

Det har også vore satsa betydeleg på kompetanseutvikling og systemarbeid i samband med satsinga *Inkluderande barnehage- og skulemiljø i 2020*. Dette arbeidet har ført til styrka samarbeid mellom barnehagar og grunnskular og utvikling av fleire nettverk.

Brukarundersøkingar i barnehagane i Bømlo viser at foreldra er generelt godt nøgde med det tilbodet dei får – her ligg ein over det nasjonale snittet.

Stabil kapasitet på kommunenivået har gitt svært gode resultat i form av tettare oppfølging og styring av barnehagane både knytt til rammer og innhald.



Nytt personaltilbygg ved Svortland skule.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

## Grunnskule

I 2020 har kommunen jobba særskilt med oppfølginga av kommunedelplanen for oppvekst. Eit viktig satsingsområde her er inkluderande barnehage- og skulemiljø med forsterka for å forbetre trivsel, tryggleik i barnehage og skule og arbeidet mot mobbing.

Vidareføringa av den såkalla skulemiljøknappen gjer det enkelt å melde frå dersom ein har bekymringar knytt til skulemiljøet, og skulane må ivareta sin aktivitetsplikt for å medverke til at alle elevar har det trygt og godt på skulen. Målet er ikkje berre å unngå mobbing, men også krenkjande ord og handlingar som set elevane sin rett til eit godt skulemiljø i fare.

Aktivitetsplikta inneber desse delpliktene;

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setje inn tiltak

18 lærarar har gjennomført vidareutdanning i 2020 innanfor den nasjonale ordninga Kompetanse for kvalitet (10 med stipend- og 8 med vikarordning). 7 lærarar har også gjennomført delar av lærarspesialistvidareutdanning med statleg støtte.

I tillegg har 2 lærarar fått finansiert delar av si vidareutdanning etter kommunal ordning.

Det har også vore gjennomført omfattande etterutdanning (kurs, workshops, nettverk, osb.) for både leiarar, lærarar og assistentar. Kompetansehevinga har i stor grad vore knytt til godt psykososialt miljø/arbeid mot mobbing.

Det har vore gjennomført fleire ombyggings- og restaureringsprosjekt ved grunnskulane som har ført til forbetra inneklima og meir funksjonelle/moderne lokalar for både elevar og tilsette.

### **Bømlo vaksenopplæring – BVO**

Bømlo vaksenopplæring gir kommunale tenester til vaksne som har rett/og eller plikt til opplæring ut frå Lov om introduksjonsordning, samt ut frå Opplæringslova kap 4. Oppdraget er å leggje til rette, slik at flest mogleg av deltakarane vert kvalifisert til vidare utdanning, arbeid og som deltakar i det norske samfunn.

Tilbodet omfattar:

- Introduksjonsprogrammet
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Yrkesretta norskkurs
- Morsmålsstøtta lese- og skriveopplæring
- Eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne
- Spesialpedagogisk opplæring for vaksne
- Avvikling av alle nasjonale prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Realkompetansevurdering
- Rådgivning og karriererettleiing
- Foreldrerettleiing (PMTO og ICDP)

BVO har gode resultat på norskprøvene og arbeidet med dette aukar. Kommunen kan no tilby prøvar 4 periodar i året. Statsborgarprøven og samfunnskunnskapsprøven tilbyr me kontinuerleg.

Om lag 2/3 av deltakarane som avslutta introduksjonsprogrammet i 2020 gjekk direkte ut i ordinært arbeid eller utdanning på vidaregåande- eller høgskulenivå. Tiltak som aukar moglegheita for å tileigne seg formell kompetanse for våre deltakarar har også vore fokus i 2020.

BVO tilbyr også kurs for bedrifter med “Kompetanse +”-midlar. Dette kan vere t.d. datakurs eller lese- og skrivekurs. Ein tilbyr også norskkurs for arbeidsinnvandrarar.

I prosjektet *Bømlomodellen* er det inngått ei form for lærlingkontrakt /fagbrev gjennom jobb i ulike verksemder i kommunen for 7 personar over 25 år.

### **Integreringsmidlar**

Kommunen busette berre 9 flyktningar i 2020, på tros av ein ambisjon om inntil 30. Opphavelag oppmodingstal frå IMDi var 30 stk, og kommunen budsjetterte også med integreringstilskot for 30. IMDi reduserte seinare oppmodingstalet til 20 personar. Det låge talet busette flyktningar forklarar sviktande inntekt på området.

Alle busette, bortsett frå ein, er overføringsflyktningar og kjem frå Syria. Sidan desse kjem direkte til kommunen, utan å først bu i mottak og dermed starte prosessen med å tilpasse seg det norske samfunnet, opplever tenestene våre at integreringsutfordringane aukar. Mange kjem også frå krigsherja områder og har med seg traume som må bearbeidast.

Dei ulike tenestene har i utgangspunktet ei fast overføring i budsjettet. For einskilde med omfattande og varige hjelpebehov kan det vere aktuelt å søkje om særskilde tilskot.



Den største utgiftsposten, forutan overføring til skular, er finansiering av introduksjonsprogrammet. Her får brukarane løn. Denne ordninga vert administrert av vaksenopplæringa. Vidare vert det nytta midlar til arbeidet som NAV utfører.

Me finansierer helsetenester, tolketenester, tospråklege assistentar både i skule og barnehage og ikkje minst vert våre to innføringstilbod ved Svortland skule og Bremnes ungdomsskule finansiert av desse midlane. Elles får kvar skule midlar frå dette ansvarsområdet ut frå kor mange born dei har med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskild språkopplæring. Det vert også nytta litt midlar på skyss.

### Bømlo folkebibliotek



Opning av nytt kulturhusbibliotek i mai 2020.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Våren 2020 opna det nye folkebiblioteket i Bømlo kulturhus etter ein spennande prosess som involverte heile kulturhuset med alle sine leigetakarar. Målet har vore å etablere eit heilskapleg kulturtilbod der ein utnyttar synergjar mellom Bømlo kulturhus, Bømlo folkebibliotek og Bømlo kulturskule.



Sjølv om koronasituasjonen har avgrensa aktivitet, arrangement og besøk i periodar har det nye kulturhusbiblioteket blitt ein svært viktig og godt besøkt møteplass for folk i alle aldrar. Med innbydande miljø og sjølvbeteningsløysingar har ein lykkast med å etablere ein låg terskel for bruk av rom og media.

Til sommaren 2020 vart også turistinformasjonen flytta frå rådhuset til Bømlo kulturhus/Bømlo folkebibliotek. Ikkje berre gjev dette betre opningstider og tilgjenge for publikum, men ein styrkar også eksisterande tilbod i Bømlo kulturhus. Erfaringane frå sommaren var svært positive med høgt besøk.

Bømlo Turistinformasjon er flytta til kulturhuset. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

## Kultur, idrett og fritid



Dagsturhytta «Kurebu» var på plass på Barmene ved juletider.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Arbeidet med ein kulturminneplan for kommunen har pågått over fleire år og planen vart ferdig ved utgangen av året. Kommunen har no eit godt grunnlag å jobbe vidare med.

Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken er begge nasjonale ordningar der målet er at grunnskuleelevar og eldre får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Sjølv om nokre av Vestland fylke sine turneproduksjonar har blitt gjennomført på skulane, har koronasituasjonen ført til mange avlysingar av kulturtilbod for både grunnskuleelevar og eldre.

Ungdomsklubbane på Langevåg og Moster blei vidareført i 2020, men også desse har vore stengt i periodar. Målgruppa her er ungdom mellom 13–19 år.

Kommunen har som mål å ha tett dialog med lag og organisasjonar både samla og kvar for seg. Etablering av faste dialogmøte og prosjektutvikling knytt til frivilligheit med høve for ekstern finansiering er nokre av tiltaka det har vore jobba med. Kommunen ynskjer å vera ein god tilretteleggjar og bidreg både gjennom investeringar og stønad til investeringar, samt gjennom ulike stønadsordningar til kultur- og idrettslivet.

Kulturstipendet for 2020 vart tildelt Kathrine Andrea Bjørnevik. Kathrine er musikant og instruktør i Våge skulemusikklag, som musikant i Bømlo janitsjar og Hordaland ungdomskorps. Ho er også aktiv i Finnås sportsklubb og sit i styret, i tillegg til å vere instruktør i turn. Bømlo kommune sitt kulturstipend er meint å stimulera til vidare innsats for å kunne halda fram med å utvikla seg innanfor sitt område.



Gjennom heile 2020 vart det jobba med etablering av selskapet **Moster 2024 AS** og oppstart av aktivitetar/planlegging av 1000-års jubileet for innføringa av Kristenretten på **Moster i 2024**. Elsa Aanensen vart tilsett som dagleg leiar og selskapet lukkast med å sikra ytterlegare 1 million i statleg tilskot til arbeidet.

Med eit mål om å stimulere til meir fysisk aktivitet og friluftsliv, initierte tidlegare Sogn- og fjordane eit såkalla dagsturhytteprosjekt. Alle kommunane i det tidlegare fylket fekk på plass ei slik dagsturhytte før samanslåinga til Vestland fylke 01.01.20. Fase 2 av prosjektet skulle sikre slike hytter også i kommunane i det gamle Hordaland. Bømlo er av dei første kommunane som fekk realisert dagsturhytta, plassert ved Barmane friluftsområde på Goddo.

*Born og unge er sentrale i arbeidet til **Moster 2024**.  
(Skjermdump frå Facebookside)*



## **Bømlo kulturskule**

Kulturskulen ivaretek eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne, så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse.

Friplassordninga vart innført for å bidra til å realisere målet om ein kulturskule for alle – uavhengig av inntekt og bakgrunn. Ordninga har blitt stadig meir kjend og brukt dei to åra den har eksistert og så godt som alle plassane er i bruk ved utgangen av 2020.

Ein viktig del av opplæringa er at elevane skal opptre/presentere produkta sine. I tillegg til sjølve undervisninga er det mange ulike arrangement i kulturskulen sin regi, som t.d. ulike opningar, kulturskuledagar i **Moster Amfi** med konsertar og kunstutstilling, teater- og danseframсыningar, sommarkavalkade i kulturhuset, samt adventskonsertar i kyrkjene. Det er innslag frå alle disiplinær.

Ved utgangen av 2020 var det drøyt 500 elevplassar i kulturskulen. Det er ventelister i nokre fag, mens det er ledige elevplassar på fiolin og blåseinstrument. Tilbodet på dans vart fylt opp i løpet av 2020.

## **Bømlo symjehall**

Bømlo symjehall skal vere eit tilbod som sikrar breidde og med tilbod for aktive, mosjonistar, leik og moro.

Kommunestyret har vedteke å leggje til rette for å utvikle symjemiljøet i Bømlo kommune. Eit tiltak er vederlagsfri bruk av bassenga for symjereelaterte idrettsaktivitetar, der barn og unge skal prioriterast. Av den grunn

har Bømlo symjeklubb fått gratis tilgang til symjehallen for sine ordinære treningar på oppsette tider og i tildelte barnar, for barn og unge under 18 år og aktive konkurransesymjarar.

Bømlo symjeklubb har bidratt svært positivt med kompetanse og mykje aktivitet i oppstarten av symjehallen.

Bømlo symjehall fekk eit utfordrande år i 2020 på grunn av periodar med stenging og sviktande inntekter. Symjehallen var heilt stengt i 13 veker, men hadde også lengre periodar med begrensningar i tilbodet. Totalt 39 028 registrerte personar var innom Bømlo symjehall i 2020 – ein nedgang frå fjoråret på nesten 7500. I tillegg kjem all symje- og livredningsopplæringa for skulane, estimert til nesten 10 000 besøkande.

Symjehallen merkar stor etterspurnad etter symje- og badetilbod, og utviklar stadig nye tilbod til sine brukargrupper.

*Shop i symjehallen. (Foto: Elin Streinsbø)*



*Store utfordringar grunna koronanedstenging.*

## Barne- og familietenesta

Denne tenesta omfattar tilbod til born og unge under 18 år. Skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT og tiltaksteam inkl. sosiale tenester er ein del av dette ansvarsområdet. I tillegg har tenesta ei eiga avlastningseining (bustad). Tenesta har plassutfordringar og det er sett i verk eit arbeid for å løyse behovet både på kort og lengre sikt. Det er stort press på alle desse tenestene, men ein har no stabil arbeidskraft.

Skulehelsetenesta sin kapasitet ligg no på nivå med nasjonale tilrådingar. For å møte utfordringar knytt til psykisk helse og mobbeproblematikk i grunnopplæringa er eit godt, robust og tverrfagleg samarbeid mellom skulehelsetenesta og grunnskulane avgjerande. Tenesta har merka ein auke i henvendingar og behov frå born og særleg ungdom som følgje av koronasituasjonen. Meir isolasjon og bortfall av sosiale møteplassar har medført meir psykisk uhelse i ungdomspopulasjonen.

PPT og førebyggjande tiltaksteam har eit tverrfagleg og kompetent arbeidslag. Det er framleis noko ventetid for å få utarbeidd sakkunnige vurderingar, men det er god oversikt over utfordringane. Med eigne systemansvarlege i PPT vert det satsa ekstra på førebygging og systemisk arbeid i lag med barnehagar og skular i tett samarbeid med TIBIR teamet i tenesta (Tidleg innsats for barn og familiar i risiko for å utvikle samspelsvanskar). Det vert framleis jobba målretta med nyrekruttering og vidareutvikling av utgreiingskompetanse i PPT.

Avlastningsbustaden gir tilbod til nærare 20 brukarar. Nokre av desse har avlastning på ettermiddag, nokre har tilbod i helgar og nokre har tilbod om vekeopphald. Denne eininga leverer også tenester til andre kommunar i Sunnhordland.

I 2017 fekk barne- og familietenesta tildelt eit treårig prosjekt i foreldrestøttande tiltak med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR) som oppdragsgjevar. Fokusområdet her er foreldretiltak til innvandrarfamiliar. Bømlo er også ein såkalla TIBIR-kommune i regi av Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge (NUBU). Her vert det jobba med tiltak på system-, gruppe- og individnivå med mål om å hjelpe barn med samspelsvanskar i alder 3-12 år. Det nye arbeidet med foreldrestøttande tiltak vert sett i samanheng med eksisterande TIBIR-satsing. Ein har også hatt opplæring av kulturtolkar i saman med helsesjukepleiarane.

Tenesta jobbar med å utvikle tilbod i avlastningsbustad for å avgrense bruken av privat avlastning knytt til dei aller yngste. Dette er krevjande, og ein må arbeide for meir varige løysingar i tida som kjem.

### **Barnevern**

Barnevernet vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Stord er vertskommune og ansvaret for drifta er såleis delegert frå kommunestyret i Bømlo til rådmannen i Stord kommune.

Barnevernet er organisert i ulike arbeidslag. Dei aldersdelte laga har ansvar for undersøking og tiltak. Lag sped- og småbarn, for aldersgruppa 0 -6 år. Lag barn i høve aldersgruppa 6 - 12 år og lag ungdom 12 – 18 år. Lag omsorg har ansvar for barn med omsorgsvedtak. Tenesta har eigne stillingar som inngår i eit arbeidslag for familierettleiing. Målsetjinga med rettleiinga er å styrke omsorgskompetansen til foreldre.

Koronapandemien har set store krav til tenesta gjennom året, men likevel har tenesta klart å halde opp drifta gjennom tilpassa tiltak. Kostnadsbiletet viser eit meirforbruk på 1,973 mill.. Hausten 2020 var det ein markant auke i meldingar til barnevernet samanlikna med same periode året før. Auken i tal saker, kombinert med ein del dyre tiltak er forklaringane til meirforbruket.

Tenesta hadde elles god måloppnåing i høve lovkrav i 2020, samstundes som ein framleis registrerer kapasitetsutfordringar i høve sakshandsaming.

Dei fleste born får hjelpetiltak i heimen, men det er også nokre born som får tiltak utanfor heimen – omsorgsovertaking. Det er framleis litt fleire gutar enn jenter som får tilbod frå barnevernet. Det er også nokre få born frå Bømlo som er plassert i institusjonar. Dette er svært kostbare tiltak.

Laurhammer bufellesskap har vore eit tiltak for einslege mindreårige flyktningar. Tiltaket er heimla i barnevernslova. Med bakgrunn i manglande behov for nye busetjingar vart det i 2020 vedteke å avvikle drifta. Ved utgangen av året var alle ungdommane flytta på eigen hybel og personalbemanninga redusert til to tilsette. Desse vil frametter høyre til NAV, flyktning.



## HELSE, SOSIAL OG OMSORG



Lege Anne Marit Særsten Halvorsen (t.v.), verksemdleiar Hilde Markhus og kommuneoverlege Kjersti Follesø oppmoda til koronadugnad. (Foto: Simon Knutsson Sortland).

### Innleiing

Innbyggjarane som mottek tenester frå helse, sosial og omsorg er ulike både i alder, ressursar og behov. Overordna målsetjingar er:

- Bømlo kommune skal stimulera til og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premissar meistarar eige liv.
- Bømlo skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad.

Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2017-27 blei vedtatt i 2016. Planen har fire:

1. Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.
2. Tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som koordinator og tilretteleggjar.
3. Målretta utvikling av tenestetilbodet (bevisst prioritering og nytenking, meir fokus på førebygging og eigenmeistring, organisering og lokalisering).
4. Målretta satsing på rekruttering og kompetanse.

2020 har vore eit år prega av Covid 19, òg innan helse- omsorgstenestene. Tenesteytinga er blitt tilpassa den til ein kvar tid gjeldande smittesituasjon. Dette har






vore krevjande, men medarbeidarar har ytt stor innsats, vore fleksible og løysingsorienterte. Det har i alle tenester vore jobba med smitteførbyggjande tiltak, i tråd med nasjonale og lokale reglar og råd. Det har vore gjennomført endringar i både tenestetilbod og organisering.

I tillegg til drift har tilsette deltatt i utviklingsarbeid med utgangspunkt i HSO sine handlingsplanar, men fleire utviklingsprosjekt er blitt heilt eller delvis utsett grunna Covid-19.

### Økonomisk resultat 2020

Samla utgifter på 287 mill.kr er fordelt slik på dei ulike tenesteområda:



### Avviksforklaring økonomisk resultat 2020:

Helse, sosial og omsorg har i 2020 eit negativt avvik på 4,1 mill. Dette skuldast mellom anna auka kostnader i drifta grunna Covid-19, auka tenestebehov for enkeltpasientar og auka utgifter til datasystem. Forklaring går fram i omtalen av dei ulike tenestene nedanfor.

## Helse og omsorgstenester til heimebuande

### Tenester/oppgåver

Helsetenester i heimen, personleg assistanse, hjelp og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsløn, tryggleiksalarm og matombringning.

Helse- og omsorgstenester i heimen blir ytt frå Bømlo heimetenester (som dekkjer områda Bremnes og Mos-ter), Søre Bømlo omsorgsområde og Habiliteringstenesta (som yt tenester til personar med utviklingshemming gjennom bu- og dagtilbod).

Målsetjinga er å yta gode individuelle tenester til brukarane utifrå dei ressursane ein har til rådvelde og sikra god kvalitet og koordinering av tenestene. For å få gode tenester er det viktig å ha fokus på utvikling av kvalitet og kompetanse. Trivsel på arbeidsplassen, god rekruttering og lågt sjukefråvær for tilsette er òg sentrale element. Vidare vil det vera viktig å stimulera til at brukarane på best mogleg måte meistarar eige liv og får utvikla eigne ressursar.

## Bømlo heimetenester og Søre Bømlo omsorgsområde

Mange eldre brukarar og pasientar som kjem tidlegare ut frå sjukehuset set store krav til ressursar og kompetanse i heimetenestene. Dagtilbod for eldre (Trivselshuset) er organisert til Bømlo heimeteneste. Tilbodet er under stadig utvikling med målsetjing om å få betre tenester til målgruppa. Det blir prøvd ut både ettermiddagstilbod og tilbod i heimen. På Søre Bømlo er det og eit aktivitetstilbod.

2020 har vore eit år prega av Covid 19 òg i heimetenestene. For å ivareta smittevernbehov har ein mellom anna omorganisert tenestene til mindre kohortar slik at tenestemottakar får besøk av færrest mogleg tilsette. Tenestene har og redusert på praktisk bistand, hatt mindre forbruk av vikarar

### Avviksforklaring økonomi

Bømlo heimetenestester har eit positivt avvik på kr 1,5 mill. Dette skuldast i hovudsak mindre bruk av ferievikarar, sjukevikarar og permisjonsvikarar, grunna god styring i prioritering av nødvendige heimebesøk/ tenester hos brukarane i forbindelse med covid-19. Det har òg vore endringar i organisering grunna smittevern. Søre Bømlo omsorgsområde (inkl institusjonsdrift) har eit negativt avvik på kr 177 '. Dette skuldast endringar i brukarsamansetjingar, vikarinnleige grunna sjukemeldingar og vakante stillingar.



Sykkeltur på Søre Bømlo.

(Foto: Bømlo kommune)

## Habiliteringstenesta

Verksemda gjev tenester i heimen og aktivitetstilbod. Verksemda yt i hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Det er stor variasjon i hjelpebehov. Tenesta har dei siste å har hatt eit større kompetansetiltak på "målretta miljøarbeid" for å styrka kompetansen. Tiltaket er i samarbeid med NFU, pårørande og verjer. I 2020 har aktiviteten på dette utviklingstiltaket vore noko redusert, men ein har likevel klart å gjennomføra nokre samlingar og møter.

### Avviksforklaring økonomi

Habiliteringstenesta har eit negativt avvik på 2,1 mill. kr. Dette skuldast endringar i brukarbehov og omlegging av tenestene, mellom anna endringar i dagtilbod grunna smittesituasjonen. I tillegg så fekk kommunen refundert 1,1 mill. kr mindre i statleg refusjon knytt til ressurskrevjande brukarar. 1,0 mill. Kr skuldast at stortinget vedtok å auke innslagspunktet for berekning av refusjonen til kommunen med 46 000 kr utover lønsveksten. Denne endringa vart vedteken i desember 2020.

## Tenestekontoret

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av om lag alle helse- og omsorgstenester til personar over 18 år i kommunen. Kontoret har òg koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. I tillegg er kreftkoordinator og demenskoordinator tilsett i tenesta.

**Avviksforklaring økonomi**

Positivt avvik på kr 93 000 skuldast i all hovudsak endringar i behov for omsorgslønn og avlasting.

**Institusjon-/dagtilbod**

Langtids-/korttids institusjonsplass omfattar medisinsk behandling/oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til generell geriatri, demens, psykiatri, og til pleie i terminal livsfase. Totalt er det 99 institusjons-plassar i fast bruk i Bømlo kommune.


**Bømlo bu- og helsesenter:**

Institusjonen har mange aktivitetstiltak i samarbeid med frivillige. Ein opplever at arbeidsmengd og krav til kompetanse har auka knytt til at brukarar med meir omfattande hjelpebehov vert innlagt på institusjonen. Dette m.a. gjennom tidlegare utskriving frå sjukehus.

**Avviksforklaring økonomi:**

Bømlo omsorgstun: Sjå kommentarar under heimetenester.

Bømlo bu og helsesenter (BBH) har eit negativt avvik på kr 713 000 og Teiglandshagen har eit negativt avvik på kr 655 000. Avvika skuldast i hovudsak endra brukarsamansetjing, vakansar og sjukemeldingar.

**Psykisk helse****Psykiatrisk heimesjukepleie:**

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem, tverrfagleg samarbeid, rettleiing av kollegaer, studentar og samarbeidspartnarar. Verksemda har òg ei miljøteneste og eit dagtilbod.

**Avviksforklaring økonomi**

Negativt avvik på om lag 55 000 er knytt opp til lønsutgifter (sjukevikar og tariffesta tillegg) ved miljøtenesta.

*«Snakk med oss»-telefonlinje oppretta i samband med covid-19 pandemien. (Foto: Bømlo kommune)*

**Helsetenesta****Ergo/ fysioterapitenesta****inkl. Hjelpemiddellager**

Verksemda ytt tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, institusjon, BBR, heim og poliklinisk. Tilsette samarbeider tverrfagleg internt i kommunen, interkommunalt og med spesialisthelsetenesta.

Målsetjinga med ergoterapitenesta er å leggja til rette for at tenestemottakar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnader. Fysioterapitenesta har som mål å yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogleg for å betre/oppretthalde brukars funksjon og førebyggja forverring. Prioritering skjer ut frå behov og alvorsgrad gjennom bruk av prioriteringsvegeleiar. I 2020 har tenestene i periodar vore reduserte grunna smittevernrestriksjonar.

**Avviksforklaring økonomi**

Verksemnda har eit positivt avvik på om lag 130'. Det grunna vakansar og sjukemeldingar.

**Legetenesta**

Bømlo kommune har 13 fastlegar og 1 turnuslege fordelt på 4 legekantor. Fastlegane har i tillegg til fastlegeoppgåver også kommunale bistillingar knytt til helsestasjon, skulehelsetenesta, legevakt og ved institusjonane. Det har i 2020 som tidlegare år vore vakansar i legetenesta som har vore krevjande å rekruttere til. Covid-19 har medført omlegging i drift, og nye tiltak som skal utførast (eige luftvegsmottak).

**Avviksforklaring økonomi**

Negativt avvik på 671 000 skuldast i hovudsak kjøp av vikarteneste i vakante stillingar og meirkostnader knytt til Covid-19.

**Interkommunale døgnseger, interkommunal legevakt og betaling for utskrivingsklare pasientar**

Bømlo kommune disponerer del av 5 observasjonssenger i interkommunalt samarbeid med Stord og Fitjar kommune tilknytt Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS samt 4 felles plassar for øyeblikkeleg hjelp døgntilbod styrt gjennom innlegging av lege eller overføring frå sjukehus. Sengekapasitet ved interkommunal døgnavdeling (IDA) har vore viktig i høve press kommunen har på institusjonsplassane.

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS har gjennom god drift og kompetanse sikra innbyggjarane i Bømlo tilgjengelege legevakttenester med god kvalitet. Selskapet hadde budsjettert med bruk av ubunde disposisjonsfond i 2020. Resultat tilsvarar kr. 944.141 mindre bruk av disposisjonsfond enn budsjettert.

Bømlo kommune har i hovudsak tatt imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus i 2020 innan frist.

**NAV**

Nav yt tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV – i tillegg til Lov om kommunale helse og omsorgstenester (rus, hjelpetiltak osv). Hovudvekt av tenester ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing (inkl gjeldsrådgjeving) og særskilte tiltak for rusmiddelavhengige. Arbeids- og aktivitetstilbodet Basen og flyktningetenesta ligg òg til NAV.

**Avviksforklaring økonomi**

Nokre postar har positive avvik andre negative, men samla sett går verksemnda med eit positivt avvik på 1,6 mill.kr. i 2020 Dette skuldast i all hovudsak lågare utgifter knytt til busetjing av flyktningar og økonomisk stønad.



## TEKNISK AVDELING



Konstituert rådmann Aud Gunn Løklingholm ynskte avtroppende eigedomsskattesjef Nils Kåre Nysæter (t.v) og teknisk sjef Toralf Meling til lukke med pensjonisttilveret. (Foto: Simon K. Sortland)

### Innleiing

Teknisk avdeling har ansvar for planlegging av investeringsprosjekt, vedlikehold av bygningar og kommunale vegar, handsaming av saker etter plan- og bygningslova i høve reguleringsplanar, kommuneplan, anna areal-disponering, frådelling og byggjesaker, landbruk- og miljø saker samt forvaltning av eigedomsskatt.

### Økonomisk resultat 2020

| Økonomisk resultat           | Budsjett 2020 | Rekneskap 2020 | Avvik  |
|------------------------------|---------------|----------------|--------|
| Arealbruk                    | 1 823         | 2 021          | -197   |
| Landbruk/miljø               | 1 909         | 1 525          | 384    |
| Eigedomsskatt                | 1 283         | 1 168          | 115    |
| Teknisk drift (totalt) inkl. | 43 007        | 44 040         | -1 031 |
| 4* Teknisk Avdeling          | 58 547        | 58 829         | -281   |

### Ansvarsområda under teknisk avdeling

#### Arealbruk/Landbruks- og miljøavdeling/Teknisk drift

Sakshandsaming av:

- Kommuneplan, reguleringsplanar, planprogram og konsekvensanalysar
- Jordlovshandsaming, konsesjonssøknader, oppdrettssaker og miljø saker
- Søknad til Innovasjon Norge og tilskot til spesielle miljøtiltak SMIL

- Søknad om produksjonstilskot, avløysartilskot og avløyning ved sjukdom samt administrasjon av veterinærvakta
- Forvaltning av friluftsområda i samarbeid med Friluftsrådet Vest
- Saksbehandling vilt og miljøraker
- Byggesaker (inkludert tilsyn og kontroll), delingssaker, utslepp og eigarseksjonering
- Kart- og oppmålingssaker
- Gjennomføring av møter og kundebehandling
- Oppdatering av eigedomsregisteret - matrikkelen
- Eigedomsskatt
- Drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegar og grøntanlegg
- Styring av energiforbruk og enøk tiltak
- Planlegging og gjennomføring av vedlikehald- og nybyggingsprosjekt
- Tildeling av vegnamn, adressering og montering av skilt
- Kvalitetssystem
- Infoland
- Kundetorg og internettsider teknisk avdeling

**Prosjekt**

I mai 2020 vart eit nytt Bømlo folkebibliotek offisielt opna i Bømlo kulturhus. Prosjektet innebar store bygningsmessige endringar i underetasje og første etasje i Bømlo kulturhus. Byggjearbeidet gjekk over sju månadar og vart fullført innaføre budsjetterte midlar.

Lærarhuset på Svortland skule vart ferdigstilt hausten 2020. Prosjektet innebar eit nybygg på 470 m<sup>2</sup> samt ombygging av eksisterande bygningskropp. Nybygget er det første passivhuset i Bømlo kommune. Byggjearbeidet vart fullført innaføre budsjetterte midlar.

**Mål og måloppnåing:**

| Aktivitet                                 | 2018 | 2019 | 2020 |
|-------------------------------------------|------|------|------|
| Vedtekne reguleringsplanar                | 13   | 13   | 9    |
| Byggesaker (søknad utan ansvarsrett)      | 117  | 128  | 134  |
| Byggesaker (søknad med ansvarsrett)       | 215  | 197  | 182  |
| Tilsyn i omsøkt/ikkje omsøkt byggesaker   | 12   | 12   | 1    |
| Pålegg i byggesaker                       | 2    | 2    | 5    |
| Delingsvedtak                             | 91   | 87   | 73   |
| Frådelingssaker etter jordlov             | 6    | 13   | 9    |
| Konsesjonsaker                            | 13   | 13   | 19   |
| Søknad om produksjonstilskot i landbruket | 103  | 106  | 111  |
| Søknad om SMIL-midlar                     | 9    | 9    | 15   |

**Avviksforklaring:****Arealbruk/Eigedomsskatt:**

Arealbruk har eit negativt avvik på 197 827. Avviket skuldast til dels nedgang i byggjesøknader, men i hovudsak at området opp gjennom åra har vore budsjettert med 100 % dekningsgrad på sjølvkostområdet Arealbruk. Ein slik dekningsgrad er ikkje realistisk eller lovleg då ein del av tenestetilbodet ikkje kan krevjast gebyr for. Dekningsgrad for sjølvkostområda i 2020 er for teneste 3010 plansak 68% opp frå 60% i 2019, teneste 3020 byggjesak og deling 75% opp frå 73%, teneste 3030 oppmåling 74% ned frå 80% i 2019.



**Landbruk/miljø:**

Landbruks- og miljøavdelinga har eit positivt avvik på kr. 384 333 i 2020. Fleire konsesjonssaker har gjeve større gebyrinntekter. Avdelinga har hatt mindre reise- og kursutgifter enn budsjettet i 2020 p.g.a. koronasituasjonen. Statstilskot til veterinærvaktene var noko høgare enn det som låg i budsjettet. I tillegg er fellingsavgifter på hjort for 2019 og 2020 ført på 2020 budsjettet.

**Teknisk drift:**

Teknisk drift har eit samla negativt avvik på kr. 1 031 837. Årsaka til dette er for lågt driftsbudsjett for drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg enn det behovet er.

**Reinhald**

Reinhald vart fram til 31.07.2019 kjøpt av Elite Service Partner AS. Reinhald på institusjonar inngår ikkje i denne kontrakten. Kommunen tok over reinhaldet med verknad frå 01.08.2019. Tala for 2020 viser at det svarte seg å gå over på reinhald i kommunal regi att. Avdelinga jobbar veldig effektivt, og har løfta kvaliteten på reinhaldet i betydeleg grad, samstundes som kostnadane vart redusert. Reinhaldsavdelinga hadde eit positivt avvik på kr. 673 141 i 2020.

**Forsikring**

Bømlo kommune held fram med samarbeidet med Waco forsikringsmekling i 2020.

**Bygningsvedlikehald**

Avdelinga fungerer godt med variert og god fagkompetanse. Kommunen drifrar no om lag 59 000 m2 bygningsmasse. Det er utarbeidd ein overordna drifts- og vedlikehaldsstrategi for kommunale bygg. Denne strategien er politisk forankra. Avdelinga er serviceinnstilt og har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsrutinar.

Planmessig vedlikehald gir effektiv ressursbruk. Utfordringa er å gjennomføra naudsynt vedlikehald med dei midlane som vert stilt til rådvelde. Ein vil alltid oppleve at trongen for vedlikehald er større enn rammene, men me har dei siste åra teke igjen noko av tidlegare etterslep. Meirforbruket på bygningsvedlikehald skuldast i hovudsak at det er mykje utstyr som etter kvart treng fornying. Avdelinga har dermed fått auka vedlikehaldskostnader, i påvente av større utskiftingar og investeringar. Det inngår ein del faste årskostnader til lovpålagt service og vedlikehald til m.a. heis, brannsikring, stoffkartotek, basseng service, rulleporter og SD-anlegg. I tillegg vart det i 2020 utført mykje coronarelaterte tiltak, som m.a. nytt smittevernmottak og vaksineringsrom osv.

**Grønt og samferdsel**

Område grønt og samferdsel fungerer fint. Kommunen får utført mykje godt arbeid både med rutineoppgåver og prosjekt. Vedlikehaldsprojekta som blir utført langs vegnettet er mange og til dels store. Kommunen vil på sikt få meir vegareal til vedlikehald, som følgje av at fylkesvegar vert erstatta av nye vegar i «Bømlo-pakken». I tillegg kjem overtaking av vegar i private bustadfelt.

Det er stort vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar. Dersom dette etterslepet ikkje skal auka, må budsjetttrammene i åra framover auka. Auka nedbør gjev nye utfordringar i høve problem med overvatn og vatn frå takrenner som kjem frå dei kommunale bygga.

**Brannvern/feieing****Tenester/oppgåver**

Verksemda er delt inn i 2 hovudavdelingar:

**Beredskap**

Denne avdelinga er innsatsstyrke ved brann og andre akutte ulukker.

### Førebyggjande

Oppgåva til denne avdelinga er brannførebyggjande arbeid slik som tilsyn i særskilde brannobjekt, motivasjons- og informasjonstiltak og feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

### Økonomisk resultat

| Ansvar    | Rekneskap 2020 | Opphavleg budsj. 2020 | Revidert budsjett 2020 | Avvik |
|-----------|----------------|-----------------------|------------------------|-------|
| BRANNVERN | 10 163         | 10 510                | 10 523                 | 360   |
| FEIING    | -89            | 0                     | 0                      | -89   |

### Avviksforklaring

Resultatet på område brannvern syner eit mindreforbruk på kr. 360 000. På område feiing, som er eit sjølvkostområde, er mindreforbruket 89 000 som mellom anna dekkjer kalkulatoriske renter og avdrag på kjøp av feiebil.

### Beredskap

Brannvernet har stort fokus på HMS arbeidet, og dette har vore særskilt viktig med tanke på pandemien. Det har ført til at øvingar og andre aktivitetar har blitt gjennomført på nye måtar for å redusere faren for smitte. Etter tilsyn frå arbeidstilsynet vart behov for ny stasjon framheva. Det er satt av midlar til ny stasjon, og brannvernet vonar på byggjearbeid i 2021.

Når det gjeld utstyr kan det nemnast at det i 2020 vart kjøpt ny innsatslederbil samt noko generelt beredskapsutstyr. Eit nytt krav til vinterdekk på lastebilar førte til at brannvernet på hausten måtte skifta ut vinterdekk på storparten av brannbilane. Beredskapsstyrken rykka ut til 190 ulike hendingar i 2020. Dette viser at brannvernet vert brukte til fleire og fleire oppgåver i samfunnet. Hendingar som følgje av rus/psykiatri er døme på hendingar som har hatt ein auke i siste tida.

Bømlo brann og redning har ein særskilt stabil innsatsstyrke, og hadde så og sei ingen turnover i 2020. Denne styrken må på eit tidspunkt aukast. Dette har samanheng i at eit av dimensjoneringskriteria, innbyggjarar i tettstaden Svortland, nærmar seg ei grense på 3000 innbyggjarar. Når ein passerer dette talet seier forskrifta at styrken skal bestå av vaktlag som minst må bestå av 4 personar kvar.

### Førebyggjande

Førebyggjande avdeling vart spesielt ramma av pandemien i 2020. Arbeidet på denne avdelinga er normalt publikumsretta arbeid, og ofte består det i å samle grupper av folk for informasjonsutveksling.

Eksempel på dette er arbeid med branntryggleik for risikoutsette grupper. Dette er eit nasjonalt satsingsområde og Bømlo brann og redning er langt framme med tverrfagleg samarbeid for å oppnå målsettingane på dette området.

Sidan me tidlegare har etablert eit samarbeid med helse på dette her arbeidet likevel halde fram, og spesielt har mange fått utdelt komfyrvakt. Andre aktivitetar har vorte utsette eller arrangert digitalt. Samarbeid med Vest brann og redning har vore nyttig i denne perioden. På slutten av året vart heile nettsida skifta ut og førebyggjande avdeling laga nytt innhald til Bømlo brann og redning sitt område.

### Feiing

Feietenesta vart og råka av restriksjonar i deira utføring av arbeidet deira. Dei måtte i periodar leggja om arbeidet sitt. Deler av perioden vart det berre utført utvendig feiing, med atterhald om at huseigar sjølv fjerna sot frå sotluka. Ein periode vart nytta til å forbetre forhold til reinhald og sotpåverknad på arbeidsplassen. Dette fører til betre HMS på arbeidsplassen.


## KYRKJELEGE FØREMÅL

Under denne seksjonen ligg tilskot til Kyrkjeleg fellesråd og kommunalt tilskot til andre trudoms- og livssynssamfunn. Dette er siste året kommunen tildeler tilskot til andre trudoms- og livssynssamfunn, frå 2021 tek staten over denne oppgåva. Syner elles til Bømlo Kyrkjeleg fellesråd si årsmelding.

## Økonomisk resultat

| Tal i heile 1000 kr      | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik       | Avvik i %   |
|--------------------------|----------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Total ressursbruk</b> | <b>9 442</b>   | <b>9 176</b>  | <b>-266</b> | <b>-0,2</b> |

Ressursane er fordelt slik på dei ulike tenestene innan ansvarsområdet.




## KOSTRATAL

|                                                                                           | Bømlo 2018 | Bømlo 2019 | Bømlo 2020 | Landet 2020 | Kostra-gruppe 8 2020 |
|-------------------------------------------------------------------------------------------|------------|------------|------------|-------------|----------------------|
| <b>Prioritet</b>                                                                          |            |            |            |             |                      |
| Brutto driftsutgifter til kyrkjeleg administrasjon og gravplassar pr. innbyggjar i kroner | 698        | 705        | 741        | 676         | 706                  |
| Netto driftsutgifter, kyrkje, i prosent av totale netto driftsutgifter                    | 1,2 %      | 1,2 %      | 1,2 %      | 1,2 %       | 1,1 %                |
| <b>Dekningsgrad</b>                                                                       |            |            |            |             |                      |
| Medlem og tilhøyrslø i Dnk i prosent av antall innbyggjarar                               | 79,6 %     | 78,9 %     | 78,6 %     | 70,9 %      | 79,6 %               |
| Medlemer i andre trudoms- og livssynssamfunn utanfor den norske kyrkje                    | 7,6 %      | 8,3 %      | 8,1 %      | 11,4 %      | 6,8 %                |
| <b>Kvalitet</b>                                                                           |            |            |            |             |                      |
| Konfirmerte i prosent av 15-åringar                                                       | 73,2 %     | 78,9 %     | 72,6 %     | 55,8 %      | 68,8 %               |

Andelen av kommunen sine innbyggjarar som er medlem av den norske kyrkja har gått ned dei siste åra. Andelen av ungdom som konfirmerer seg gjekk opp i 2019 for å gå ned att i 2020. Tala er høgare enn for andre samanlikningskommunar og landsgjennomsnittet.

## Investeringar

Investeringstilskotet for 2019 og 2020 som tilsaman er på 8,5 mill. kr er ikkje utbetalt i 2020. Dette vert utbetalt i 2021 takt med framdrifta av investeringane som vert føreteke av kyrkjeleg fellesråd. Summen er ført som kortsiktig gjeld i kommunen sitt rekneskap i 2020.



*Kulturhusveggen bada i raudt lys – me lengtar etter ein meir fargerik kvardag.*

*(Foto: Simon Knutsson Sortland)*



# ÅRSREKNESKAP 2020

---

BØMLO KOMMUNE

Leidalen 1, 5430 Bremnes

Tlf: 53 42 30 00

E-post: [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)

Vedteke av kommunestyret: .....

## Innhold

|                                                                  |    |
|------------------------------------------------------------------|----|
| ØKONOMISK OVERSYN DRIFT- KOMMUNEKASSA .....                      | 3  |
| BEVILGNINGSOVERSYN DRIFT - KOMMUNEKASSA .....                    | 4  |
| BEVILGNINGSOVERSYN DRIFT FORDELT - KOMMUNEKASSA.....             | 5  |
| BEVILGNINGSOVERSYN INVESTERING - KOMMUNEKASSA.....               | 6  |
| OVERSYN SAMLA BUDSJETTAVVIK OG ÅRSVSLUTNINGSDISPOSISJONANE ..... | 7  |
| BALANSEREKNESEKAPEN - KOMMUNEKASSA.....                          | 7  |
| NOTER TIL ÅRSREKNESEKAPEN .....                                  | 10 |
| KONSOLIDERT REKNESEKAP .....                                     | 17 |
| PROSJEKTEREKNESKAP 2020 – INVESTERINGSPROSJEKT .....             | 21 |



## ØKONOMISK OVERSYN DRIFT- KOMMUNEKASSA

| § 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift                       |                   |                        |                           |                 |
|-------------------------------------------------------------------|-------------------|------------------------|---------------------------|-----------------|
| Regnskap                                                          |                   |                        |                           |                 |
| Tall i 1000 kroner                                                | Regnskap 2020     | Regulert budsjett 2020 | Opprinnelig budsjett 2020 | Regnskap 2019   |
| <b>Driftsinntekter</b>                                            |                   |                        |                           |                 |
| 1 Rammetilskudd                                                   | -402 206          | -398 628               | -377 486                  | -374 931        |
| 2 Inntekts- og formuesskatt                                       | -334 069          | -334 506               | -348 075                  | -332 335        |
| 3 Egedomsskatt                                                    | -35 731           | -33 561                | -33 561                   | -32 572         |
| 4 Andre skatteinntekter                                           | 0                 | 0                      | 0                         | 0               |
| 5 Andre overføringer og tilskot frå staten                        | -63 366           | -58 785                | -61 099                   | -56 492         |
